


ÅRBOOK FOR SYKKYLVEN 1993



SYKKYLVEN SOGENEMND

INNHALD:

Side

Nyttårsbøn av Ole Elias Emdal	1
Føreord ved redaktør Roald Solheim	2
Rapport frå Sykkylven Sogenemnd av Eldar Høidal	3
Minne frå krigsåra av Hans Hovden.....	4
Bilete av Geir M. Brungot.....	9
Bjørnejakt i Brunstaddalen av Sverre Brunstad	10
Tankar etter kyrkjebrannen.....	12
Velledalen skule 30 ar av J.I.Brunstad, J. Hjorthol og A.Weiberg-Aurdal....	14
1993 - ungdomslagsåret av Eldar Høidal	18
Dikt av Ole Andre Velle.....	21
Jensine Bastianne og Jens Bastian er sant, av Roald Solheim.....,	22
Herlege hundeliv av Kjetil Tandstad	24
Kalkomnen på Blindheim.....	26
Sola mi søte av Signe Villa	27
Julefeiring i eldre tid av Petter Kursetgjerde	29
Smørjing av trebåtar av Per Blakstad	34
Megardsdalen av Anny Strand	36
Hovdeåsen av Anny Strand	37
Synske-Karl på Tandstad av Oddbjørn Myklebust.....	38
Minne frå Brunstad gamle skule av Bjørg Sørensen	43
Minne om gamleskulen av Bjørg Sørensen.....	47
Om Fetgarden av Peter Fet.....	49
Sommarhelsing av Ole Bjørkavåg.....	52

Utgjevar; Sykkylven Sogenemnd Sats
og montasje: Sykkylvsbladet Skrift:
Times 10/12 Prent: Cylindertrvkk A/S
1993

ISSN 0804-2225

Framsidedfoto:

Fotograf Arild Solberg tok dette biletet av kongeskipa "Norge" og "Danebrog" på fjorden utanfor småbåthamna på Aure - under den konglege vitjinga 31.august 1993.

Nyttårsbøn

Av Ole Elias Emdal

Året med signande dagar, men
også med sorger og sut
snart helsar farvel til oss alle
og takkar for seg og går ut.
Men kjærleik til arbeid og yrke
har vakse i hug og i sinn,
lært oss meir ansvar å kjenne,
gå uredde i sakene inn.

Gud lat denne kjærleik få råde,
alltid i tanke og hug.
Då vi i dagar som kome, kan
byggje i tru og i dug.
Ja, stå Du trugen ved styret i all
vår gjerning og ferd.
Send ljøs til din tenande skare
og fred til ei langtande verd.

Ja, stå Du trugen ved styret
i all vår handling og ferd.
Gjev at det kjærlege sinnet
må fylgje i all vår gjerd.
Då skal det nye året
verte til signing stor.
Glede og fred skal kome
og spreide seg rundt vår jord.



Teikning: Johan Strandli

Føreord

Dette er andre årboka for Sykkylven. Det er Sykkylven Sogelag som er utgjevar av årbøkene. Men 1993-årboka har blitt til ved eit samarbeid mellom Sogelaget og Sykkylven Mållag.

Årboknemnda ynskjer at boka skal innehalde kulturstoff frå alle krinsane i kommunen, og at menneske av ulik alder, kjønn, og livssyn skal få spalteplass. Dette er ei høg målsetjing, og som lesaren fort vil sjå, har vi diverre berre delvis nådd fram i så måte denne gongen. Ei trøyst kan det vere at dersom t.d. ein krins er lite representert i denne utgåva, kan dette rettast opp i kommande utgåver. Du kan til dømes lage eit innlegg, eller du kan lipse oss om andre som vi kan kontakte.

Det er eit mål at årboka skal vere eit allsidig kultur- skrift. Her skal det vere plass for mellom anna rein lyrikk og biletkunst - i tillegg til meir lokalhistoriske artiklar.

Det er ingen grunn til at det berre er folk fødde i Sykkylven som skal få spalteplass, I kommunen vår bur det tusen sykkylvingar som er fødde og oppvaksne i andre landsluter, eller for den saks skuld i utlandet. Skriv, teikn eller fotografer for "Årbok for Sykkylven" de og.

Etter planen skal den neste utgåva av årboka komme ut i desember 1994. Men arbeidet med skriftet tek til i romjula i år. Du kan vanskeleg vere for tidleg ute med stoff, tips eller tankar om skriftet! Kontakt oss i årboknemnda: Ole Jostein Fet, Ragnhild Grebstad Hole, Eldar Høidal, Kjetil Tandstad eller underteikna.

Utgjevingstidspunktet er sjølvsagt ikkje tilfeldig valt.

I jula har vi tid til å lese. "Årbok for Sykkylven" vil høve framifrå som "julekort" eller "førjulsgåve" til venner og kjende som er busette andre stader. Ikkje noko kan vel vere meir kjærkome enn ei slik helsing frå heimlege strender med dei beste ynskje om ei stille jul og eit signa nytt år!

For redaksjonen
ROALD SOLHEIM
redaktør

I redaksjonen:
Roald Solheim (redaktør),
Ole Jostein Fet.
Ragnhild Grebstad Hole,
Eldar Høidal og Kjetil Tandstad.

*Vinterstemning i Sykkylven.
(Foto: P.P. Lyshol)*



Rapport frå Sykkylven Sogenemnd

Av Eldar Høidal

Sykkylven Sogenemnd er ei politisk vald nemnd som har som si hovudmålsetting å fremja interessa for nærmiljøet si historie og samtid. Einskilde vil kanskje synes det er rart at nemnda også interesserer seg for bygda si samtid. Men for oss i nemnda er interessa for dagens samfunnstilhøve det naturlege utgangspunktet for sogeinteressa. Vi vil gjeme ha svar på kvifor lokalsamfunnet har blitt slik det er. Kvifor vart Sykkylven ein av dei sentrale møbelbygdene i landet, korleis voks sentrumsstaden Aure fram, korleis vart sykkylvslandbruket slik det er? Hus og gardar, kulturlandskap og fossar, sætrar og kioskar, alt fortel historie. Historia om kvifor dagens samfunn vart slik det er. Difor er interessa for Sykkylven i dag for oss naturleg bunden saman med ei djupfølt interesse for fortida.

Sykkylven Sogenemnd har sett opp ein arbeidsplan for den perioden vi er valt for. Planen strekkjer seg fram til 1996 og inneheld følgjande tre hovudpunkt;

1.
Utgjeving av eit årsskrift kvart år. Det er dette skriftet du no held i handa, og sogenemnda gav ut det første skriftet sitt tidlegare i år.
2.
For nokre tiår sidan skreiv Ola Tandstad eit utkast til ei allmennsoge for Sykkylven i nyare tid. Dette var tenkt som ei oppfølging av "Sykkylven i eldre tid". Boka vart ikkje ført heilt fram til trykking. Sogenemnda har sett seg føre å vurdere sjansane for å få ei ny allmennsoge for Sykkylven.
3.
Nemnda vil også vere med å støtte bokutgjevingar og lokal sogegransking. Sogenemnda sine medlemmer kan engasjere seg som konsulentar i slike hove. Vi kan også vere med å støne økonomisk prosjekt som har ålmenn interesse og som held eit forsvarleg nivå.

Sogenemnda gav i fjor ut boka "I samhald og strid", ei skildring av samvirkeorganisasjonane i Velledalen. av Ole Jostein Fet. Vidare er det gjort avtale med Jon Hole om at han skal lage ei ny biletbok. Tema for den tredje biletboka i rekkja, vert utvandringa til Amerika. Det er planen at boka skal gjevast ut hausten 1994.

Sykkylven Sogenemnd administrerar etter kvart ei rik samling av lokalhistorisk litteratur, med dei fire gards- og ættesogene som dei store flaggskipa. Alle desse bøkene er til sals i bokhandelen og i dei lokale bankane. Det er gjort avtale med Sykkylven Bibliotek om at dei skal halde eit såkalla mellomlager, slik at utsalsstadene heile tida skal ha inne alle bøkene.

Hovudlageret til sogenemnda er på Trygdebustadene, I tillegg til alle bokkassene, finn vi ber det fyldige arkivet som bygdebokforfattarene let etter seg. Her finst kopiar av kyrkjebøker frå 1720, manntal frå 1664, folketeljingar frå 1801, matriklar, skifteprotokollar og fleire andre godbitar som sogeinteresserte kan ha stor nytte av.

Medlemene i Sykkylven Sogenemnd har mange idear om kva dei kan utrette i framtida. Eitt av dei fremste siktemåla er å gjere nemnda meir synleg for folk flest. Tidlegare i år hadde vi ein vellukka sogekveld på biblioteket med presentasjon av årsskriftet og andre kulturelle innslag. Nemnda marknadsførte seg elles på ei messe i Velledalen og under Sykkylvsdagane. Vi vil gjeme halde fram med å markere oss i det lokale kulturlandskapet og arbeide for å få fram mest mogeleg spanande stoff frå Sykkylvens indre liv i fortid og notid.

Dei som meiner dette er:

Bergljot Tandstad, Kjellaug Klock, Ragnhild Grebstad Hole. Greta Remø Klock, Kjell Løseth (leiar), Erling Opdahl jr., Ole Jostein Fet og Eldar Høidal.

Minne frå krigsåra

Av Hans Hovden

Vi høyrde ofte i radio, og las i avisene om korleis tyske soldatar la under seg det eine landet etter det andre i Mellom-Europa, og korleis russiske soldatar gjekk til åtak på Finnland. Dei finske soldatane forsvarte seg med utruleg mot og dugleik og vekte oppsikt over store deler av verda.

Mange nordmenn reiste til Finland for å hjelpe grannefolket vårt med å forsvare seg mot ein overmektig fiende. Vi trudde vel då at Noreg skulle unngå krigen. Det var liksom så utenkjande at Hitler skulle ha noko interesse av det vesle, karrige landet vårt. Men etter kvart forstod vi at noko vondt nærma seg. Vi fekk vite at engelske marineubålar hadde lagt ut miner langs kysten vår, og at tyske båtar hadde blitt senka. Båtar som var lasta med soldatar og krigsutstyr. Og brått fekk vi vite at no var det alvor. Krigen hadde nådd vårt land og. Det heile verka så ufatteleg for oss. Ingen hadde opplevd noko slikt før, vi hadde levt i fred og fridom i lange rider. No fekk vi kjenne kor det var å bli overfalne av ei brutal krigsmakt.

Eg var tolv og eit halvt år då landet vårt vart hærteke av tyske soldatar den 9.april 1940. På skulen var det vanskeleg å samle tankane om leksene og skulearbeidet elles i dei dagane. Lærar Skåden kjende eit tungt ansvar for elevane sine, og etter kvart som flya stadig kom oftare over oss, så gjekk han anten ut i utdøra, eller til vindauga for å sjå om dei tok til å bli nærgående. Ein dag kom engelske og tyske fly i kamp over Hjørundfjorden. Vi såg korleis dei gjorde mange slags bråe manøvrar for å komme i skotstilling. Dei skaut ofte. Vi fekk då ordre av læraren om å gå tett langs skulemuren til kjellaren so fort råd var. Det var vel ikkje rare vernet vi hadde i skulekjellaren, med store vindauga rett i mot fjorden, der luftkrigen raste. Men det var einaste mulegheita til vern vi hadde. Rutebåten frå Hjørundfjorden var akkurat då på veg over fjorden frå Skarbøen og hit. Han vart liggande ved kaia her til over middag. Så heldt han fram i ruta til byen. Då det heile stilna av etter ei stund, gav læraren oss ordre om å gå heim. Han ville ikkje ta ansvaret for oss lenger.

Det vart tunge stunder for ein del huslydar her i bygda då det kom mobiliseringsordre til fleire unge menn. Dei måtte ut i krigen for å verje land og folk. Også læraren vår vart innkalla. Heile bygda hadde stor medkjensle både for dei som måtte reise ut i krigen til ein uviss lagnad, og til deira næraste som sat att i otte for sine kjære. Dei som drog ut i striden, gjorde sin innsats så godt dei kunne mot ein overmektig fiende, som var godt trenna og framifrå utstyrt for å legge under seg land og folk. Alle herifrå bygda kom til slutt heiman til sine etter at kamphandlingane var slutt. Men to unge menn frå andre grender i Sykkylven måtte ofre livet for landet. No var landet vårt gjeve over til det tyske diktatorstyret. og det fekk vi leve med i fem lange år.

Engelske soldatar

I midten av mai fyrste krigsåret kom her åtte engelske soldatar til bygda. Dei hadde kome bort frå avdelinga si under kampane i Gudbrandsdalen. Mennene hadde gått over fjella i Jotunheimen og til Oppstryn. Der hadde dei fått hjelp av pålitelege folk som skyssa dei over Strynevatnet til Flo. Så gjekk dei til Vollset i Sunnylven, blei køyrde til Hellesylt og tok vegen gjennom ein dal til Stranda. For der var ikkje skikkeleg veg mellom dei to bygdene den tid. Så fekk engelskmennene vere med rutebilen til Velledalen, og derifrå gjekk dei til fots til Hundeidvik. Tyskarane haddde visst fått greie på at noko var på gang her. Dei sette i gang leiting etter dei britiske gutane, men fann dei ikkje. Så blei dei førde over fjorden til Festøya og kom seg til Barstadvik. Men vegen vidare var sperra! Då vart det teke kontakt med folket på Skarbø. Dei tok gutane med til sætra ovanfor garden og plasserte dei der. Men så vart soldatane oppdaga der og, og måtte flyttast over til ein hellar i Gjevestrand. Der var dei til det vart ordna med båt for dei til Færøyane, og vidare derifrå til England. I den rida dei var her i bygda, var det folk frå Velledalen og Hundeidvik som ordna med mat åt dei. Det heile var eit farleg arbeid, for det var dødsstraff for å yte slik hjelp. Men alle tagde stilt om dette. Derfor gjekk alt bra til slutt.

Snushanar og spionar

Vi her i denne vesle fredelege bygda vår var av dei som etter måten fekk leve i fred i denne tida. Vi fekk merke tvangen i mange underlege reglar, og truslar om hard straff om vi ikkje retta oss etter den nye styreforma. Vi slapp likevel å ha tyske soldatar plasserte her. Det hende av og til at nokre av dei kom på snarbesøk, men det var og det heile. Likevel var vi aldri sikre for at ikkje spionar var ute og snusa, det hende at ukjende folk kom på besøk og ville snakke med folk om forskjellige ting. Då galdt det å vere på vakt og passe seg med både ord og handling. I tida under kampane her i landet, var krigsfaren særleg stor i byane. Vi veit korleis det gjekk med både Molde og Kristiansund. Dei vart øydelagde med bomber. Også Ålesund var utsett for bombeangrep. Derfor blei mange familiar evakuerte derifrå, og fleire av dei kom hit til bygda vår. Og folk delte heimane sine med byflyktningane så godt dei kunne. Dette skapte gode venskapsband mellom by og land, band som vart haldne ved like i mange år etterpå.

Ljoset frå Nedste-Hagen

Hausten 1941 kom det påbod om at alle radioapparat skulle innleverast. Heime hadde vi ein radio som var kjøpt nokre år før. No måtte vi levere den ifrå oss, og vi såg han aldri meir. Men nokon av dei evakuerte frå byen som budde hjå oss, hadde ein radio som ikkje var registrert. Vi fekk overta han, for dei kunne ikkje ha apparatet i huset i byen. Her i Hovden var han i bruk under alle krigsåra, gøymd bort mest "alle" stader. Først under låvegolv i løa på Nedste-Hagen, så i eit revehus. Sidan vart revehuset flytta til utmarka. Men lengste tida var radioen i kjellaren heime, i eit lite rom bak grua, godt dekt med alle slags gamle ting. Radioen gav oss god informasjon om krigens gang.

Alle skytevåpen skulle også leverast inn, uansett alder og tilstand. Far tok då ut nokre steinar i kjellarmuren, pakka hagla og all ammunisjon godt inn saman med to andre børser, og la alt inn i eit holrom der før han mura godt til att. Der låg alt gøymt til krigen var slutt.

Under heile krigen var det strengt påbod om at alle vindauge skulle vere blenda. Ikkje noko lys måtte synest utanfrå, sameleis skulle alle utelampar og vegljøs vere sløkte. Bilar fanst det ikkje mange av i den tida. Dei som var, måtte måle lykteglasa svarte, med berre eit lite hol på midten, så mykje at dei såg vegen. Sykkellyktene sameleis. Folk måtte skaffe seg gardiner av tjukt, svart papir, som fall tett inn til glaskarmane. Dette var for at ikkje allierte fly eller båtar skulle ha ljosa i land å orientere seg etter. Ja, det var rart å sjå utover bygda i mørke kveldar den tida. Alt var mørkt, mest ikkje eit ljøs å sjå. Berre i Nedste-Hagen brann utelampa som vanleg på baksida av huset. Ei ungjente stelte for foreldra sine i denne heimen. Og merkeleg nok vart ikkje denne utelampa oppdaga av kontrollen. Lampa vart som eit godt minne for oss om fredelege tider...



Utsyn frå Hovden i Hundeidvik. (Foto: Roald Solheim)

Småbruka var verdfulle

I desse krigsåra vart dei små gardsbruka endå meir verdfulle for oss enn før. No vart det stadig vanskelegare å få tak i det ein trong av matvarer. Om lag alt var rasjonert. Mjøl, smør, sukker, kaffi (Det var forresten berre kaffierstatning å få. Ho smaka lite av kaffi). Likeeins klede og sko. Alt måtte ein ha rasjoneringskort på for å få. Men sjølv med kort av mange slag var det vanskeleg å få tak i varer. Dessutan var varene av nokså dårleg kvalitet. Kjøpmennene fekk bene tilsendt små kvotar som dei prøvde å dele ut så rettferdig som råd var. Så dei hadde ofte ei vanskeleg oppgåve. Brødmjølet var særskild dårleg i desse åra. Brøda var nærmast grå på farge, og dei blei heller ikkje skikkeleg gjennomsteikte. Dei smaka ikkje så godt heller. Der vart funne ymse ting i mjølet som fortalde at det var samansett av forskjelleg: fiskemjøl til dømes.

Av og til hende det at her kom folk frå byen som var i vanskar på grunn av små rasjonar, og bad om å få kjøpe både mjøl og ymse anna. Vi visste at det var ulovleg å selje til private, men foreldra mine ville gjerne hjelpe. Dei delte med andre av det vi hadde. Og vi fekk aldri vanskar av den grunn. For folk som ikkje hadde gardsbruk, var dette ei vanskeleg tid. Rasjoneringskorta ville ikkje alltid strekka til, så det var ikkje så greitt for husmødrene når dei skulle fordele maten likt tfl alle. Davar det litt betre for oss som hadde gardsbruka. Vi hadde både poteter, korn av bygg og havre, og kjøt av buskapen som vi slakta heime. Men myndigheitene kravde nøyaktige oppgåver av både buskap og avling, sa det var ikkje så greitt å lure unna noko. Det hende det vart teke kontroll omkring på gardane. Vi blei også pålagde å levere både høy og halm av avlinga til tyskarane. Eg minnest at vi ein gong måtte levere 211 kg høy, og nesten 100 kg halm. Vi måtte køyre det på kaia sjølve, der det vart henta med båt. Somme av gardbrukarane måtte også levere frå seg hestane til tyskarane. Det var nokså tungt for dei. Det var lite pengar hjå folk, og vanskeleg å få tak i nye dyr.

Vi som hadde kornåkrar, hadde ein god fordel ved at vi kunne ta skikkeleg mjøl av både bygg og havre. Men for å få sende korn til mylnene, måtte vi fyrst søkje forsyningsnemnda om å få tildelt løyve for å få male eit kvantum til eige bruk. Hovden hadde kvern i Svartebekken ved Hjellbakken. Det var fem gardbrukarar som eigde den saman. To gardsbruk i Hovden og tre i Hatlemarka. Det kom rettnok ordre om at alle gardskvernar skulle plomberast Men Grønningsærter, som då var lensmannsfullmektig, var til god hjelp. Han plomberte kverna på ein slik måte at ho kunne brukast likevel.

Kverna var i bruk mest under heile krigstida. Så mange kornsekker vart malne der. Berre ein kort periode var Svartebekkverna i ustand. Det var då spjelda i kvernkallen hadde rusta sunde og måtte reparerast. Trekkningen omkring hjulet var og roma og burde vølast. No vart det teke kontakt med slekt og gode kjenningar. Ved hjelp av bytehandel greidde far å skaffe nye spjeld. Kvernkallen vart så køyrd hit, og boren inn i kjellaren vår her i Hovden og reparert der. Men det var nesten utrueleg at dei greidde å få han utatt derifrå då han var ferdig. Både spjelda og trekkningane tok stor plass. Døra og dørkarmen måtte takast ut. Men det gjekk godt det også. Det var grannen vår, Knut Urke, og far som stod for reparasjonen for det meste. I krigsåra, og også i åra før, var kvernhusa noko av det mest naudsynte for garden. Det var noko av livberginga for alle det. Eg minnest endå kor godt grauten smaka av det nymalne byggmjølet. Likeeins det heimebaka flatbrødet av havremjøl. Det var reine festmaten samanlikna med krisebrøda. Siste krigsåra dyrka vi endåtil kveite på garden vår. Ein av slektningane våre i byen var kaiarbeidar. Ein gong hadde han vore med på å losse ein lastebåt som hadde med nokre sekker kveitekorn til tyskarane. Ein av sekkane hadde gått sund, og då arbeidarane skulle gjere reint i lasterommet, var der litt kveitekorn som slektningen vår samla opp og tok med heimatt i matveska si. Det var berre om lag to kilo. Men han tok kontakt med far, som reiste til byen og henta kveitekornet. Så braut far opp ein liten åker, og sådde kveita der. Og kornet spirte og vaks godt, for vi hadde jamt godt sommarver i desse åra. Vi tok godt vare på denne vesle avlinga. Etterpå kunne mor bake brød av heimedyrka kveite som far hadde male på kverna vår. Eg gløymer aldri kor godt dei brøda smaka, etter at vi hadde ete krisekaker så lenge.

Konfirmasjonen

Eg vart konfirmert i 1942. og på den tid fanst det ikkje noko slag skyssordning for konfirmantane når dei skulle møte for presten. Vi måtte greie oss sjølve så godt vi kunne. Vi var seks konfirmantar her frå bygda det året, og tre frå Tusvik. Det vart å sykle eller gå, anten til Blakstad, eller til Jarnes. og så få låne robåt for å kome seg over fjorden til Aure. Vi hadde gamle sykklar med dårlege dekk - nye var ikkje å få tak i. Derfor fekk vi ofte problem under vegs, men vi hjelpstest åt så godt vi kunne, og då gjekk det bra. Verst var det når veret var dårleg med regn og kuling. Då var vi ofte gjennomvåte før vi kom til Aure. Noko slikt som regnklede hadde vi ikkje. Folk var som regel hjelpsame med å låne oss båtane sine. Dei forstod godt problema vi hadde å stri med. Då var det ringare med presten. Han visste inga forståing om vi låg verfaste. Eg veit det hende fleire gonger at foreldra herifrå heldt borna sine heime på grunn av uver. Men då dei møtte neste gong, fekk dei streng tiltale frå presten med trugsmål om konfirmasjonsnekt dersom dette gjentok seg. Sjølv om veret kunne vere dårleg av og til, så hende det ikkje ulukker. Vi hadde fått lære å ordne oss både på land og sjø. Det var også vanskeleg for foreldra å få tak i klede til konfirmantane sine. Men her var konfeksjonsfabrikkane i Sykkylven til god hjelp for folk. Så vidt eg veit var, der berre velkledd konfirmantar å sjå i alle desse vanskelege åra.



Kvernhuset ved Svartebekken. Teikna av Lars Peter Dahle 1993.

Lite med arbeid

Det var ikkje så greitt for dei unge heller i desse åra. Arbeid var det vanskeleg å få. Møbelfabrikkar fanst ikkje her i Hundeidvik då. Her var einast ein liten snikkarverkstad med arbeid til ein mann. Stålullfabrikken til Lars & Jakob O. Utgard gav arbeid til 2-3 menneske. Det var stort sett alt. I grannebygda Tusvik var der to trevarefabrikkar; K.G.Hatlemark Og Tusvik Møbelfabrikk. Og så var der ein liten verkstad på budaløftet. Der var nokre arbeidsplassar på kvar av desse. Somme frå Hundeidvik var så heldige at dei fekk arbeid der. Så arbeidsplassane var nokså avgrensa. Derfor vart mange unggutar gåande heime på gardane og hjelpe til med gardsdrifta. Dei unge jentene tok seg gjerne plass som tenestejenter andre stader. Mange unggutar tok seg arbeid som gardsdrenger, for å unngå å bli utkommanderte til arbeidsteneste for tyskarane. Sume fekk plass om bord i fiskebåtar, helst om vinteren, under silde- og torskefisket utanfor kysten. Det var ei ottefull tid for dei som var heime. Vanskane og risikoen var langt større enn før for fiskarane og. Minefaren var stor langs heile kysten, alle fyr var sløkte, ikkje eit ljøs å sjå i land nokon stad, til å rette seg etter i mørker og snøkave. Men merkeleg nok så gjekk det oftast bra likevel.

Nokre fann likevel på å ta til med ymse slag småindustri for å tene seg nokre kroner. Det var for det meste produksjon av golvkostar som vart sett i gong. Til bust var det brukt gammalt tauverk, helst gamle trosser og sildegarnskablar. Dei var gode til slikt. Til skurekostar vart brukt lyng; røsslyng og krækebærlyng.

Desse kostane varte ikkje særleg lenge, men det var vanskeleg å få noko anna, så avsetnaden var visst god. Ja, oppfinnaranda var i alle fall ikkje bunden av okkupasjonmakta. Mange bedrifter såg nok si første barndomstid i desse små kjellarverkstadane.

Elles var det oftast godt fiske i fjorden. Seien på Kursetfluda var like årvisst som staren om våren. Likeeins torskefisket vinterstida. Fisken vart ikkje oppfiska utanfor kysten slik som no, derfor kom han inn i fjordane og blei god matauk for mange. Men det var ikkje frysarar i heimane, så det blei å salte torsken til klippfisk. Noko av seien vart også salta og turka. Men mykje av seien blei turka til turrfisk. Turrseien var eit ettertrakta snop for born og vaksne i mangel på andre søtsaker. Turrsild var også ettertrakta. Vi steikte ho gjerne på glørne i omnen. Men vi vart nokså sot svarte kring munnen etter slike måltid.

Tobakkskrise

Under krigen hadde vi noko som vart kalla for "tobakksnaud". og den nauda var sanneleg vond for mange. Dei som var vane med å bruke skrå og røyk, hadde lange og sure dagar. Tobakkskort hadde dei, men det var verre å få tak i stoffet. Handelsmennene fekk litt av og til, men det vart heller lite på kvar, når det skulle delast. Ei halv øskje røyketobakk eller ein liten stubb av skrå måtte sparast på så den varte lengst råd var. Derfor vart vara oppblanda med det mest utrullege for å dryge sælebota; Potetkål, kirsebærblad, bork, revebjølle, og kva det no var alt som vart brukt. Somme av desse "nikotinvetranane" vart beint fram sjuke av nikotinhunger. Dei la seg ned og ville ikkje meir. Dei greidde ikkje dette lenger. Men eg trur det var ingen som let livet av den grunn likevel. Kanskje kom det av at somme byrja å dyrke tobakksplantar sjølve. Det løyste noko på problema for mange. Dei fekk tak i frø eller småplantar, og sette dei i godt gjødsle jord, gjerne i nærleiken av mykradungen ved fjøsveggen. Der fekk plantane den aller beste pleie og kjærleg omsorg av forventningsfulle eigarar. Og stenglane kunne bli godt over meteren. Dei hadde store, saftige blad som gav lyse voner om mange kosestunder i røyksky. Sortane som vart dyrka var "Virginia" og ein sær kraftig sort som dei kalla for "Bondetobakk". Han var visst sprengfull av nikotin og sær farleg for nybyrjarar. Karane møttest gjerne på butikken om kveldane og utveksla sine gode oppfinningar med smaksprøver og gode råd. Krambuda var då reine gasskammeret av røyk og vond lukt, og eg må i ettertid beundre handelsmannen som heldt ut i alt dette. Men eg trur at han rodde seg oppatt på nisefisket. Det var eit kapittel for seg.

Nisefangst

Handelsmannen laga til store nøter av kveitegarn. Dei vart sette ut som ein vinkel frå land. I den enden som var eit stykke frå land, var der ein drott, og når så niseflokkane kom langsmed landet og gjekk seg innpå nota, var det berre å drage enden fort til lands. Då byrja eit fælt liv for å få tak i nisene og avlive dei. Her var mange niser i fjordane under krigen, og avsetninga var god både på kjøt og spekk. Fleire andre prøvde også denne brukta. Ei stund var her minst 4-5 nøter langs landet. Men nisene lærte litt etter litt å passe seg for desse nøtene. Nokre kom seg fri, og sidan såg vi ofte at når flokken nærma seg nøtene, så svinga nisene berre utifrå land, og dermed gjekk dei fri.

Ein ungdom misser livet

Krigsåra gjekk på eit vis også her i bygda. Folket prøvde å greie seg gjennom denne tida så godt råd var. Men vi følte det tyske diktaturet nokså trangt og vanskeleg. Vi kjende oss ufrie, bundne av harde lovreglar og trugsmål om tukthus og dødsstraff for å ikkje respektere nazistane sine påbod. Til dømes kunne vi ikkje hjelpe landsmenn som var i naud. Slikt var vi ikkje vane med frå før, og det gav ei kjensle av tvang og uhygge.

Eg trur likevel at dei aller tyngste dagane for oss kom i slutten av krigen, den 17.mars 1945. Det var ein laurdag og

fiskebåten "Skopshorn" frå Hundeidvik var då saman med fleire andre båtar på veg inn til byen frå fiskefelta utanfor Godøya. No skulle dei levere fisken før dei reiste heim til sine for å halde helg. Men like utafor byen kom dei inn i eit angrep frå engelske fly mot tyske båtar som låg der. 'Skopshorn' kom akkurat i skotlinja frå eit av flya, og granatane slo inn i lugaren framme, der tre av mannskapet på fem var samla, Ein av mannskapet var i lasterommet og ordna med fisken, og skipperen stod i rorhuset. Alle tre i lugaren vart såra, men verst gjekk det utover yngste av dei, Ole H.Utgard, som då var 20 år. Han fekk så store skader at han døydde like etterpå. Dette var ei hending som skapte sorg og djup medkjensle hjå alle her i denne vesle grenda. Særleg vondt var det sidan Ole var einaste son i denne huslyden. Ole vart i tillegg sakna i ungdomsflokken. Han hadde vore eit godt midtpunkt der, med sin humørfylte og greie veremåte.



Kronprins Olav i Sykkylven i 1946. Her saman med dåverande ordførar Johan Eidem. (Foto: P.P. Lyshol)

Frigjering og fred

Livet måtte berre gå vidare. Og ein dag var det endeleg slutt på desse vonde åra. Vi hadde i grunnen merka det på nyheitene frå London gjennom heile våren, at tyskarane tapte meir og meir. Måndag den 7.mai var det godt seifiske utafor Kursetneset. Då med eitt fekk vi sjå at på andre sida av fjorden, ute på Flisneset, kom der opp eit stort norsk flagg. Då forstod vi at no var det slutt på krigen. Vi frie igjen! Om kvelden høyrde vi i radioen at Tyskland måtte kapitulere. Morgonen etterpå fekk vi vite at no var landet vårt fritt igjen, no var det verkeleg sant.

Eg minnest enno denne solfylte vårdagen med blå himmel over snøkledde fjelltoppar over grønkannde bjørkelier. Det var tidleg vår det året. Vi hadde ikkje flaggstong, men vi fann fram ei hesjetroe som vi batt fast på verandaen. Så heiste vi flagget på den. Det var så umåteleg fint imot vårstemninga i naturen. Då folk frå bygda såg dette, leita alle fram flagga sine. Bygda vart flaggpynta for fyrste gong på fem år.

Så mangt har forandra seg her i bygda og. Men eg trur at fedrelandskjensla i folket er den same no som då. Fred og fridom er det beste av alt likevel. Derfor heiser eg med glede flagget den 8.mai for å minne, og ikkje minst for å ære alle dei som drog ut i krigen for landet og folket vårt. Mange gav livet sitt i fridomsstriden. Men vi har endå mange att mellom oss som gjorde sin innsats for fred og fridom. Dei kjempa både på land og hav. Og dei levde under umenneskeleg press, ofte i lang tid. før dei fekk komme heim. Mange er merka for livet både på kropp og sinn på grunn av alle vonde opplevingane frå krigen. Lat oss vise dei den æra at vi heiser flagget på frigjeringsdagen. Det er dei ærleg fortent. Sjølv har dei ikkje bede slik heider. Men eg meiner at vi bør syne dei takksemnd på denne måten.



Geir M. Brungot

*Kva er det ein vel å vise av det ein ser rundt seg?
Det romantiske og vakre, det mystiske, det triste, det
nifse. Landskapet kan vere eit symbol på deg sjølv. Alle
er vi like, men det er utanpå.*

*Ei sa til meg;
- Eg likar ikkje bileta dine. Dei er ikkje fine.
- Dei skal ikkje vere fine heller, svara eg.
- Følte du noko då du såg dei ?
- Ja. det gjorde eg. Eg vart lei meg.
- Det var bra. Bilete er kjensler.*



Bjørnejakt i Brunstaddalen

Av Sverre Brunstad

Det er i år hundre og elleve år sidan siste bjørnen vart skoten i Sykkylven»Det var ved Sætreindane i Brunstaddalen. Sverre Brunstad skreiv ned denne saga slik ho vart fortalt han:

Det leid ut på sommaren, ein av dei aller siste dagane i august. Sætrefolket bruka ofte å flytte heiman frå sætra på den tida. Men sidan veret var so fint, ville dei vere nokre dagar til. Dei slo seg i lag, to av sætrejentene, og jaga kyrne inn i dalen, for der var rikeleg med mat enno. Viss du ikkje jagar dei frå stølen, så vert dei berre slengande rundt der, og der blir matlaust. Jentene var tidleg oppe, seinast klokka seks om morgonen. Dei skunda seg med mjølkinga, og kom seg i veg med kyrne, så beitedagen vart så lang som råd var. Då jentene kom til Gamlestølhaugen, om lag tre og ein halv kilometer frå sætra, stansa dei. Her var slettaste og finaste marka i heile Brunstaddalen, og soleis beste beite. Jentene sette seg ned etter strevet. Råsene var steinete og vonde å gå for kyrne, så det gjekk seint å komme seg inn til beste beite- marka.



Severin Larssen Brunstad (1849-1941)

Jentene ser ubeistet

Men kva var det som feila kyrne i dag? Det ser ikkje ut som dei vil ta til å ete. Dei er liksom urolege. Dei k lumpar seg saman. Og der fekk jentene sjå ein stor bjørn som gjekk og luska oppe i skredene nedanfor Sætreindane, Dette var det kyrne var så urolege for. No var det berre å springe heimatt i garden og få tak i bjørneskyttaren Bø Severin. Han hadde skote tre bjørnar før, så han visste nok råd med denne og. Den jenta som var lettast på foten, la i veg det fortaste ho vann. Den andre jenta skulle sjå til med buskapen.

Bø-Severin kjem

Bjørnen held seg på avstand når han ser der er folk i lag med dyra. Etter ein god time kjem Severin og jenta springande. Severin fekk sjå bjørnen, og no skal børsa laddast. Jentene ser spente på, for slikt hadde dei ikkje sett før. Severin tek fyrst

eit mål krut og tømmer ned i børsepipa, for børsa må laddast frå mulen. Så støyter han børsa med kolven ned på marka så krutet skal trenge inn i knallpipa. Gjer ikkje krutet det, går ikkje skotet av. Så tek han ein liten strydott og støyter han med ein tein ned til krutet. Så tek han kula og slepper ned i pipa, og so ein liten strydott, som skal halde kula på plass. Så set han perla på knallpipa, og set hanen i halvspenn med sikringshaken på. Då er børsa klar. No er det vanskelegaste att; å kome seg på skothald med bjørnen.

Bjørnen hadde kanskje teke seg ein utkikks plass, for å sjå kva som gjekk føre seg der nede i dalen, eller så venta han på at kyrne skulle spreia seg og komme beitande oppgjennom lia, for so i eit lagleg øyeblikk å bykse fram og slå ned den feitest kviga som var i flokken. Det hadde vist seg tidlegare at bjørnen gjorde det på denne måten. Mjølkekyrne var som regel skrinne. Dei hadde mjølka heile sumaren utan kraftfor. Forblanding A var ikkje oppfunne for hundre år sidan.

Det går ei god stund før Severin kjem seg på skothald med bjørnen, for han må krype lange stykke for å halde seg skjult for udyret. Men endeleg er han komen så nær at han synest at det er høveleg skotmål. Bjørnen står roleg. Han har ingen ting å vere redd for.

Severin spenner hanen og siktar like ved øyra, og fyrer av. Bjørnen sig i koll, så rullar han eit par gonger rundt, og vert liggande. Severin gjeng bort til bjørnen. Det er ein rugg av ein hannbjørn, sikkert oppunder tre hundre kilo.

Her ligg han. skogens konge, med ti manns vit og tolv manns styrke, fallen ved foten av Sætreindane i Brunstaddalen i 1882!

Dei to sætrejentene nede på Gamlestølshaugen hadde sett seg på ein stein og prøvde å fylgje med korleis det gjekk med Severin. Sume tider såg dei ein skimt av han, men lange stunder ikkje. Men plutselig so braka det laust med bjørne- børsa. Smellen romla i Sætreindane, og slår med eit kraftig ekko attende frå Kildalshammaren på andre sida av Dalen.

Der ser dei at Severin kjem sendande ned over rongane i lange byks. Han var lett på foten og van med å gå i fjellet.

Bjørnen til gards

Men det var ikkje gjort berre med å felle bjørnen. Dyret måtte heim i Brunstadgarden. No måtte ei av sætrejentene av garde att, heim i garden etter fire mann som skulle hjelpe Severin og drage bjørnen heim på sætra. Så skulle Bø-drengen, han Tu-Bern, ta Gulblakka og slepeslede og komme på sætra og køyre bjørnen derifrå. Hjulveg var der ikkje på Brunstadsætra før 1910. Severin sprang heim på sætra for å finne ei øks so han fekk hogge to gode dragebusker. Han batt dei saman slik at han fekk ein god sloge til å legge bjørnen på. Slogen måtte vere tett og sterk så dei ikkje skada bjørnepelsen når dei drog.

Bjørnen kom til gards etter mykje strev. So flådde dei bjørnen. Skallen hengde dei opp på løveveggen over stalldøra. Der hang han med lange, kvasse, glinsande tenner, i lag med to andre bjørneskallar. Kjøtet grov dei ned. Dei brukte ikkje å ete kjøt av rovdyr. Bjørnefellen selde Severin og fekk hundre kroner for han. Det var mange pengar for hundre år sidan. Severin sa at han angra mange gonger på al han selde denne svære bjørnepelsen. Han hadde vore god å balla ikring seg vinters dag når Severin køyrde dei lange dalevegane til og frå Aure. Men pelsen gjorde nok si nytte den, på fut, skrivar eller prest, når dei var ute i embets ærend.

Ei mislukka bjørne jakt

Fem år seinare viste ein bjørn seg på nytt. Småfeet på Brunstad (sauere og geiter i lag) gjekk i skredene oppunder Brunstad-kollen og inn til Gråura, om lag i bytet mellom Brunstad og Hole. Der hadde bjørnen lege på lur og hadde lagt sin elsk på den store, hornete og svartfleckete veran til Tøsten-Ole. Denne veran hadde bjørnen slege ned. Veran var halveten då der kom folk og fann han. Brunstadkarane skjønnte at bjørnen ikkje var langt unna. Der var lett å gøyme seg mellom dei store steinane i Gråura. Bjørnen ville no ete resten av veran.

No bestemte karane seg for at dei ville laga manngard og jage bjørnen. Dei samla saman alle drengene og tenestetausene, og elles andre som kunne kome seg laus. Planen var at dei skulle jage bjørnen gjennom skredene under Brunstadkollen og Tytebærfonna. og fram til Store Dauremålshola. Der, bak eit hammarshyffe, låg bjørneskyttaren Bø-Severin med fingeren på avtrekkaren på den splitter nye Remington-rifla si. Her skulle so visst ingen bjørn kome forbi utan å måtte bøte med livet.

Men Severin fekk ingen bjørn sjå. Folket som gjekk manngard, hadde ikkje vore stille nok. Bjørnen hadde høyrte dei, og so stokke av motsett veg. Folk frå Hole hadde sett bjørnen fare labbande innover rora i Holebotnen i retning mot Svartevatnet. I desse skredene er verdens finaste bukkehamner. Her voks det grønt, friskt gras kvar dag etter som snøbreane bråna. Her kunne bukkane gå frå vasskanten langs med eleva like opp til Vasskaret og innover Vassdalen. Der er freistande å vere einig med gamle Martinus Bjørnevik i Furstranda då han sa; "Eg veit ikkje noko betre enn å vere bukk om sumaren og skulelærer om vinteren". I skredene ovanfor varnet brukte til vanleg dei store bukkane til Holekarane å gå. Her var det ikkje vanskeleg for bamsen å finne seg erstatning for den halvetne veran han måtte røme frå då manngarden kom.

Seint på hausten same året, kom folk fram på sikre spor etter bamsen. På Storefonna, like heimanfor Brunstadsætra, hadde udyret lagt att visittkortet sitt: ei stor bjørnerue med lange skinnfiller og ulldottar i låg på vegen. Han hadde nok ikkje ete spekesild den karen!

Tankar etter kyrkjebrannen

Av Bergljot Tandstad

Dette stykket vart skrivi for Sykkylven Bondekvinne­lag sitt handskrivne blad "Kornbandet" straks etter kyrkjebrannen i 1983. Det er vel tankar og minner vi alle gjekk med i den fyrste tida etterpå.

Eit stort og tungt sjokk la seg over bygda vår, og ei kjensle av hjelpeløys­e lamma oss, då det vart kjent at kyrkja vår var gått opp i flammar natta til 2. februar 1983.

I byrjinga frita ein det liksom ikkje, kunne ikkje greie å sjå for seg det som verkeleg var skjedd. Det måtte vere ei mistyding. Men det skulle nok vise seg at så gale var det likevel. Alt var gått tapt og ingen ting redda, alt det vakre og verdfulle i kyrkja; glasmåleria, Leon Aurdals storfelte måleri i koret, treskurden til Hagerup og Lars Tynes, lampar, lysekrunar, sylvgjenstandar og den vakre gamle altertavla. Alt var borte. Alt dette som bygda­folket hadde samla gjennom hundre år, gledde seg over, og stolt vist fram til framande som vitja bygda vår. Gjenstandar som var med på å gjere kyrkja til den samlingsplassen ho var; eit midtpunkt både i sorg og glede.

Den høge takkvelven, tårnet med klokkene, alt "sokk i grus," som det står i salmen. Heldigvis gjekk ikkje menneskeliv tapt. Heldigvis vart ingen skada. Det kunne og ha hendt.

Ein kan vel og seie at det var berre "ting" som strauk med. Ting kan erstattast. Men både kyrkja og innbuet var ting som bygdefolket kjende seg knytte til, var glade i, og kjende som sitt eige. Bygda­folket knytte mange gode, men kan hende også vonde minne til gamlekyrkja og innbuet der.



Der hadde vi alle, og foreldra og besteforeldra våre, gått inn og ut gjennom skiftande liv - både i sorg og i glede. For her "møttest alle veier".

Gjennom eit hav av minne der gudshuset var samlings­staden, med gudstenester, bryllaup, barnedåpar, gravferder, konsertar og stemner, så glitrar det fram spesielle dagar og minne som har sett seg meir fast i sinnet enn andre:

Der fekk eg som lita jente fylgje mor og far. Med mine små hender trygt i deira store, gjekk vi innover kyrkjegolv­et. Eg minnest enno kjensla av høgtid, orgelbruset og salmesangen, og presten sin, for meg då, lange og endelause tale. Ofte sovna eg på far sitt fang. Dei ni klokkeslaga til slutt.

Samtalen med slekt og venner etter preika. Og den visse turen til ei grav på kyrkjegarden.

Som femåring fekk eg vere "brudepike" og bere sløret til ei brur frå nabolaget. Det var ein stor dag. I lyseblå kappe- kjole, med kvite skor og strømpes, og med blomar og sløyfe i håret, gjekk eg bak brureparet. Eg smilte og vinka til bryllaupsgjestane som stod i benkeradene, og var lite i tvil om kven som var hovudpersonen i dag. At stakkars mor fekk sveittebrot, og trudde eg kom til å rive både slør og pynt av bruda, bekymra meg lite.

Her vart eg konfirmert ein seinhaustsøndag. Eg kan enno kjenne høgtida og spaninga djer vi sat, lett nervøse, langs midtgangen i ei fullsett kyrkje. Gutane i mørk dress på eine sida. Jentene på den andre sida. Medan ei lav haustsol sende sine veike strålar på skrå ned i kyrkjesalen. Vi såg på kvarandre, og vart mest som framande, der vi sat i vaksne klede. Jentene hadde svarte kjolar og høghæla skor for første gang.

Presten, som kunne vere skarp og streng nok under konfirmantførebuinga, spurde vennleg, og la oss mest orda i munnen. Han ville vel ikkje at nokon skulle komme i knipe denne dagen. Alle skulle berre få gode minne. Og det trur eg vi fekk. Her har vi vore samla til så mang ei bryllaupshøgtid. Her stod eg sjølv brud for lenge sidan. Til bryllaupsmarsj og orgelbrus skreid vi oppover midtgangen, og lova for Herrens åsyn å elske og ære kvarandre og vere trufaste til døden skilde oss.

Hit fekk vi kome med borna våre, fekk bere dei fram i dåpen og kjenne det som ein velsigna tryggleik å tå Guds velsigning over dei små, og over oss sjølve, i vår store oppgåve som foreldre.

Hit tydde vi og når det kom vonde dagar, når det var vår tur å sitje på dei første benkane i kyrkja, med tunge hjarte og sorg i sinn, ved ei blomeprydd bære med ein av våre kjære som vi måtte fylgje til den siste kvilestaden. Vi kjende det som ei trøyst når slekt og vener var med og viste si medkjensle. Kyrkjeklokkene, som kunne juble og kime på høgtidsdagar, dei slo så tungt og sorgfullt ved gravferder, som var dei og med i sorga.

Aldri har vel den gamle kyrkja vore så full av glede og takk til Gud som i maidagane i 1945. Då flokka bygdefolket seg i kyrkja i ein inderleg trong til å kome saman og takke Vår Herre for fred og fridom. Lovsongen tona under kyrkjekvelven, og alle sat vi der med glede i sinnet, og takksemd og tru på framtida. No skulle landet byggast opp att i fridom og fred; aldri meir krig i landet, og alt skulle bli godt for alle.

"Ja, vi elsker dette landet". "Gud signe vårt dyre fedreland", "Fagert er landet", "Gud signe Norigs land". Orda og tonane i desse salmar og songar jubla under kyrkjekvelven, og alle vi som fekk oppleve desse dagane, vil for alltid forbinde dei med den gamle kyrkja vår.

Slik går vi her, kvar og ein, med våre minne i sinnet. Vi får no, takk vere forsikringa, sikkert att eit nytt kyrkjebygg som vert både vakkert og verdig, og kunstnerisk kan hende like bra, og kanskje betre, enn det gamle. Men den gamle kyrkja, og det som der var, den fekk vi oppleve i vår barndoms-, ungdoms- og modne år. Ho vil for alltid vere kyrka vår. Minna skal vi ta vare på og gøyme som dei eignaluter dei er.



Velledalen skule 30 år 1963-1993

Av Jon Inge Brunstad, Johan Hjorthol og Arnold Weiberg-Aurdal.

Det er no 30 år sidan Velledalen skule blei bygd. Men før det kom så langt at skulen kunne byggjast, hadde vi her i dalen ei krinsreguleringssak som gjekk i fleire år. Dei fleste som er godt vaksne, hugsar nok ein heil del om denne saka. At det vert strid i slike krinsreguleringsaker, er vel ikkje noko nytt. Det var vel ikkje berre her i dalen at det skjedde. Vi skal hugse at dette hende samstundes med at vi fekk ny skuleordning: overgang frå 7. årig til 9. ang grunnskule.

Dette førte med seg ein sterk reduksjon i talet på barneskular i dei fleste kommunane i heile landet. Som dei fleste kjenner til, var vår kommune ein av dei tre første kommunane som fekk prøve denne nyordninga. Det var Sykkylven, Ørsta og ei kommune i Trøndelag (Malm), som fekk prøve dette dei kalla forsøks- ordna linedelt ungdomsskule. Det vart diskutert om ein skulle prøve 7+2 ordninga, eller 6+3 ordninga.



Velledalen skule bygd pd Dalemyra i 1963.1 framgrunnen ser vi rektor Jon Inge Brunstad. Han er fødd i 1948 og er son av Sverre og Guri Brunstad. (Foto: Ole Jostein Fet)

Når det galdt dei tre krinsane i Velledalen, var det i 1954, året før nyordninga kom i gang, 32 elevar i Dravlaus krins, 18 på Brunstad og 30 på Brøvoll. Altså 80 elevar totalt. Nyordninga førte med seg at ein ikkje kunne ha tre barneskular i dalen. Sjølv om nyeskulen ikkje kom før i 1963, vart plasseringa diskutert i mange år. Vi skal hugse på at dei tre skulehusa i dalen var bygde rundt 1890, så det er ikkje ran at ein del patriotiske kjensler også vart blanda inn i denne striden.

Dei skulestadane som var på tale, var Brøvoll og Dravlaus. og så kom Dalemyra inn som eit tredje alternativ. Den tomte på Bruvoll som var aktuell, låg på garden til Oskar Hole. Skulestaden på Dravlaus var ikkje heilt klarlagt, men ein stad på Barbrogarden var den plasseringa som var framlagt. No i ettertid, når vi ser korleis dette har utvikla seg, er det kanskje vanskeleg å forstå at det kunne vere så mykje usemje.

Vi må vere klår over at då denne diskusjonen kom i gang, såg det ikkje slik ut på Dalemyra som det gjer i dag. Argumenta som blei brukte for Brøvoll som skulestad, var at alle elevane frå øvre Velledalen kunne gå til skulestaden utan skyss. Frå Dravlaus si side var argumentet at bussen gjekk den vegen. Dessutan kom Dravlaus krins til å søkje om å bli tillagd Tandstad krins, dersom Brøvoll blei ny skulestad! Det ville sjølvsaft bli uheldig for Velledalen. Denne striden heldt på i mange år, og det vart halde fleire krinsavrøystingar.

Det som vart avgjerande for plasseringa av skulen, var nok dette med idrettsbana. Ho var opna i 1951, og sidan ho kunne nyttast til skuleplass, og idrettslaget fekk kjøpe areal til grusbane, låg det til rette for eit område som kunne nyttast til beste for heile dalen. Etter at Dalemyra var fastlagd som skulestad for Velledalen, valde Sykkylven kommunestyre fylgjande byggenemnd for skulen: Arnold Weiberg Aurdal Geiar), Jon Hjortdal (nestleiar), Harald Brudevoll, skuleinspektør Olav Vik og kommuneingeninør Harald Sandal.



Frå opninga av Velledalen skule i 1963. Til venstre Tove Fet som overrekker blomar til skuledirektør Anders Stølen. Til høgre står skulestyrar Johan Neset og lærar Ivar Bjørke. i Foto utlånt av Jon Inge Brunstad)

Skuletomta var opphavleg lokalisert til der grusbana ligg i dag. Området vart oreigna frå grunneigar Sivert Velle, og var på om lag seks dekar. Byggenemnda meinte området ikkje var lagleg til skuletomt, og gjorde framlegg om å inngå makebyte med Velledalen idrettslag sitt område, som grensa inn til skuletomta på sør-austsida. På det viset kunne ein oppnå ei betre utnytting av det samla arealet. Skulen kunne plasserast hugare i terrenget, og den gamle grusbana kunne nyttast som skuleplass. Frå idrettslaget si side ville ein dermed legge til rettes for ny grusbane. Og grusbana kunne nyttast som treningsbane utanom skuletida. Makebytet fekk tilslutnad frå alle interesserte partar.

Karstein Oddmund Vik vart engasjert som arkitekt, og planlegginga av skulebygget kunne ta til. I mellomtida hadde representantane frå Velledalen i byggenemnda. sysla med tanken om å foreslå ein kombinasjon av skule og ny møtesal for dalen. Og det vart fyrst arbeid for ein modell av samfunnshus/skule. Det vart føreteke synfaring til liknande anlegg i Dovre, Skjåk og Lillehammer. Det viste seg at desse planane møte så stor motstand frå visse hald, at nemnda måtte skrinlegge dei.

Då det fyrste utkastet frå arkitekt Vik kom, blanda dåverande kontorsjef Marius Lillevik seg inn i planleggingsprosessen. I ein artikkel i "Sykkylvsbladet" hevdar han med stor styrke at bygget ville bli altfor dyrt. Byggenemnda endra litt på planane, og det andre utkastet vart deretter godkjent av alle instansar. Byggenemnda prøvde å finne ei løysing med større møtesal i bygget. Det viste seg å vere vanskeleg å løyse dette praktisk.

Byggearbeidet vart lyst ut, og hovudentreprise gjekk til Stave Bygg AS. Arbeidet gjekk etter den opptrekte framdriftsplanen. Både hovedentreprenøren og underentreprenørane utførte kvalitetsarbeid kvar på sine område. Kommunen fekk ein rimeleg skule med eit nettoareal på 447 kvm., og med byggekostnader på 516.000 kroner. Byggenemnda kunne difor overrekke bygget med godt samvit under vigselfesten hausten 1963.

Laurdag 17.august 1963 vart det halde krinsmøte på Velledalen nye skule. Det var ei sak; val av nytt tilsyn for Velledalen krins. Desse vart valde: Jens O. Velle (skulestyret). Lille Skoglund, Laurits Lervåg, Olav O.Brunstad og Johan Nettet (lærarane). Fem dagar seinar vart det halde storstilt vigselfest på skulen, og dagen etter kunne dei fyrste elevane ta i bruk det nye og flotte skulehuset.

Snart måtte tilsynet ta standpunkt til to viktige saker; val av ungdomsskulestad, og skulemønster for den ni-årige skulen. Velledalingane ville ha Aure som skulestad, og dei ynskte eit 7+2 mønster. Det endelege mønsteret vart til slutt bestemt av skulestyret til å bli 6+3.

I åra som fylgde var det den daglege drifta av skulen som opptok foreldra og lærarane. Ein prøvde å halde god kontakt gjennom m.a. samkomer kring duka bord på aktivitetsrommet.

Referat frå desse myta viser at lærarane prøvde å informere foreldra ved å ta opp ulike fag tema. På alle mota vart det servert kaffi og synt film!

I 1969 drøfta tilsynet korleis skulesymjinga skulle organiserast. Resultatet vart at symjinga blei lagt til etter skuletid, med retur frå Aure kl. 18.30!

Med skulelova frå 1969 fekk foreldra medansvar for sjølve skuledrifta. Alle partar skulle ha eit sams ansvar i skulen. No fekk vi samarbeidsutval, foreldreråd, lærarråd, råd forandre tilsette og klasseråd. Men først 19.mai 1972 konstituerte fyrste samarbeidsutvalet seg. Leiar vart lærar Reidar Bremerthun.

Med mønsterplanane frå 1971-74 vart det endringar på fleire område. Planane krevde ny innsats både når det galdt investering i læremidlar og etterutdanning av lærarar. Den nye mønsterplanen sette eleven i fokus. Undervisninga skulle individualiserast. I 1972 gjekk ein over frå 6 til 5 skule- dagar i veka. Laurdag blei skulefri.

Alt i 1970 melde behova for vedlikehald seg, og tilsynet kjempa med å få orden på skuleplassen; ein kamp som heldt fram i mange år. Det viste seg også snart at den nye skulen blei for liten. Behovet for større gymnastikksal, eit bibliotek og eit materialrom var tydeleg. I langtidsbudsjettet for 1973-76 blei det sett av midlar til ny gymnastikksal. Ei nemnd under leiing av Martin Lade skulle vurdere spørsmålet om romprogram forprosjekt for tilbygg til skulen. Sidan ungdomshuset i Velledalen vart stengt for godt i 1966, hadde ikkje dalen hatt eit godt forsamlingslokale. Hausten 1975 kom difor Velledalen Ungdomslag med planer om å bygge eit for- samlingshus. Dei ynskte samarbeid med kommunen med tanke på å stette krinsen sitt behov for gymnastikksal og andre skuleformål. Samarbeidsutvalet ved skulen var interessert i planane og samarbeidet. I oktober 1977 var arbeidet kome så langt med ei grendahusløyising, at ein kunne legge ei "grov arbeids- skisse" utarbeidd av arkitekt Kjell Peter Fet, fram for skulestyret. Året etter godkjende kommunestyret forprosjektet, og byggenemnda med Jan Lade som leiar, kom i funksjon i mars 1979. For å skaffe midlar, vart LL Velledalen Grendahus stifta i mars 1979. Den 19.september same året starta byggearbeidet. Under heile byggeperioden viste folket i Velledalen ei imponerende dugnadsånd. Odd Kåre Fet var leiar for dugnadsarbeidet. Innsatsen pr. husstand vart rekna ut til å vere 11.350 kroner!



Lærarar ved Velledalen skule. Frå venstre: Ivar Bjørke, Eli Tone Tandstad og skulestyrar Johan Neset.

Skulen kunne så starte på 80-åra med romslege og tenlege lokale. Den gamle fløyen var også litt ombygd og lirt oppattputsa. Dessutan fekk skulen flott gymnastikksal, dusjanlegg, nytt klasserom, lager og boksamlingsrom.

I 1987 vart det lagt fram ny mønsterplan; M87. Det blei hevda at ein måtte legge større vekt på verdiformidling i skulen, og at det i viktige fag skulle oppsetjast såkalla "kjernestoff" som alle elevane skulle arbeide med. Planen var retningsgjevande slik at detaljar ikkje var fastlagde.

Eit omfattande lokalt læreplanarbeid vart sett igong. Tre-årsplaner for undervisning og etterutdanning blei laga. For å kunne realisere planane, vart det sett av tid til drøfting og planarbeid på skulane (samrådingstimen).

I 1988 vart Velledalen Symjehall opna, og skulen fekk framifrå tilhøve for symjeundervisninga.

I år, 1993, ligg det på bordet ein ny plan; "læreplan for grunnskole og vidaregåande opplæring". I tillegg er skulane så smått i gong med å førebu å ta mot 6-åringane. Stortinget har bestemt at dette skal gjennomførast i alle kommunar frå 1997.

Elevtalet i Velledalen har endra seg mykje sidan skulen vart teken i bruk i 1963. Skulen opna dørene for om lag 80 elevar. 1970-åra vart innleia med eit elevtal på om lag 60. Tendensen heldt fram, og i 1984 vart skulen 3-delt, dvs. at elevtalet kom under 50.1 dag har vi 32 elevar på skulen.

Utsiktene for åra framover er, med eit unntak (1994/95 vert skulen to-delt) likevel positive. Fram til år 2000 vil skulen etter prognosane ha mellom 30 og 40 elevar.

I desse 30 åra som er gått har mange funne arbeidsplassane sine her på skulen, for kortare eller lenger perioden Dei tre første lærarane var Johan Neset (63-74). Ivar Bjørke (63-71) og Bjørg Leivdal Pedersen (63-64 og 66-87). På slutten av 60-åra og utover 70-talet var desse lærarane tilsette i fleire år: Reidar Bremerthun (68-74), Liv Olstad (65-66 og 71-75). Åge Johnsen (74-80). Ove Bjerkan (74-79). Dei siste åra har desse arbeidd ved skulen: Oddvar Haugen (79-). Jon Inge Brunstad (79-), Kari Hjorthol (80-), Ole Jostein Fet (80-93), Anne Rita Frøystad (88-). Mange fleire har arbeidd ved skulen, men det har vore for kortare periodar. Reinhaldarar Lille Skoglund (63-73), Jenny Brunstad (63-79). Ragna Velle (73-77). Karen Grimstad (77-), Audny Johnsen (79-) Vaktmeister: Peder Skoglund (63-88). Johan Nilsen (88-).



Arnold Weiberg-Aurdal (t.h.) vart valt til leiar i byggenemnda for den nye skulen på Dalemyra. Her saman med dåverande formann i Sykkylven skulestyre Johan Hjorthol (t. v.) og rektor for Velledalen skule, Jon Inge Brunstad. (Foto: Ole Jostein Fet)

1993- ungdomslagsåret

Av Eldar Heidal

I år har heile tre ungdomslag i bygda høgtida store jubileum. Først ute var Sykkylven frilynde ungdomslag som feira sin 100-årsdag på Sykkylven Samfunnshus i september. Eit par veker seinare var det Velledalen Ungdomslag sin tur til å markere at hundreårs-merket var nådd. UL Dalheim i Ramstaddalen er den yngste av jubilantane, med sine 75 år.

Opplysningsarbeid

Arbeidet i ungdomslaget har skifta karakter gjennom det siste hundreåret. Då rørsla vaks fram. seint i det førre hundreåret, var det dei nasjonale sakene som stod i fokus. Noreg var då i ferd med å rive seg laus frå unionen med Sverige, målrørsla arbeidde for å gje landet eit eige språk tufta på dei norske bygdedialektene. På den heimlege politiske arenaen kjempa pantet Venstre for bøndene sin sak mot eit Høgre som i første rekkje representerte embetsmannsinteresser og næringsinteressene i byane. Folk på den norske landsbygda hadde etter regimeskiftet i 1884, då parlamentarismen vart innført, vorte ein sentral kraftkjelde i norsk politikk og samfunnsliv. Det var desse kreftene ungdomslagsrørsla ville hjelpe fram. Det gjorde ho mellom anna ved å bidra til opplysning og vekking til sterkare samfunnsengasjement mellom ungdomen.

Ungdomslagsarbeidet i Velledalen og på Aure var dei første tiåra bygd opp omkring dei faste medlemsmøta som gjerne var kvar fjortande dag i skulehusa i dekningsområda. Desse mota hadde ein etter måten fast form der sentrale innslag var lesing av nynorsk litteratur, foredrag om norsk historie og samfunnsliv, diskusjonar, musikk, leikar og folkedans.

Seint i det førre hundreåret gjekk det sterke religiøse vekkingar over grendene i Sykkylven. Vekkingane førte somme plassar til ein kristendom med eit sterkt pietistisk preg. Det var difor mange som såg med skepsis på dei to ungdomslaga som kom til i 1893. Dei frykta at laga vil ta merksemda til ungdomen vekk frå "det eneste nødtørftige". Motstand møtte nok ungdomslagsarbeidet, men det fekk også støtte langt inn i dei kristne rekkene. Det er grunn til å streke under at det ikkje var nokon stor motsetnad mellom ungdomslaga og dei kristelege foreiningane i bygda kring århundreskiftet. Ungdomslaget hadde då også fremjing av kristendom som ein av sine hovudmålsettingar, og ungdomslaget på Aure fekk ikkje mellomnamnet frilyndt før i 1909.



Framme frå venstre; Karen Oksvik, Annlaug Eliassen Grebstad og Oddny Vik Heggdal. Rekkje to. frå venstre: Petra Brudevold, Sylveig Klock Skurtveit, Jorunn Welle Svindseth, Henrik Straumsheim, Norunn Vik Eliassen. Anna Brudevold og Oddbjørg Aarhuus. Rekkje tre. fru venstre: Olger Grebstad. Normann Apelsest, Norvald Sjøstad. Hjalmar Slinning, Louis Aure og Vebjørn Aarhuus. Rekkje fire, frå venstre: Sigmund Bakke. Leif Parr, Kjetil Vik. Rasmus Bjørhovde og Leif Grebstad. (Foto: P.P. Lyshol).

Ungdomslaga i Velledalen og på Aure hadde ikkje mange konkurrentar i form av andre ungdomsforeiningar då dei vart skipa i 1893. Ikkje var det vanleg for ungdomen å gå vidare på skule heller den gongen. Etter dei obligatoriske folkeskuleåra, var det å ta til i arbeidslivet.

Ungdomslaget kom slik i møte fleire behov hos dei unge. Forst og fremst var det vel behovet for å kome saman med jamnaldringar i hyggeleg lag. Dernest var det trongen for å skaffe seg kunnskapar og få vere med i ordsiftet om dei emne som var oppe i tida, både lokalt og nasjonalt.

Både i Velledalen og på Aure kom det raskt fram ønskje om at ungdoms laga måtte få eigne hus. Det var laget i Velledalen som først fekk bygt samlingshus. "Heimhug" stod ferdig på Hjorthol i 1909. "Valhall", eit av dei største og staselegaste ungdomshusa på Sunnmøre, stod ferdig i 1914.

Knoppskytingar

Dei første åra var ungdomslaga stort sett einrådande mellom dei verdslege ungdomsforeiningane. Unntaket var fråhalds-losjane som også hadde ungdomsgreiner. Men etter kvart kom det til eigne musikklag, idrettslag, helselag osb. som tok over mange av funksjonane til ungdomslaga. Det var ofte ungdomslaga sjølve som tok initiativet til skipinga av desse nye foreiningane, som ein difor kan sjå på som knoppskytingar frå ungdomslaga. Til dømes vart det i 1908 skipa eit musikklag, ein strykekvartett, i Velledalen. Seinare fekk dalen ein bygdekino i ungdomshuset. Sykkylven frilynde ungdomslag fekk mange avleggarar. I 1912 tok dei leiande i laget opptaket til Søkkelvsn Tuberkuloselag som seinare vart heitande Sykkylven Helselag. I 1918 starta ungdomslaget opp att idrettslaget som hadde lege i dvale nokre år. Tre år seinare såg musikklaget Lurlåt dagens lys, og igjen var det ungdomslaget som tok initiativet. Då bygda fekk eigen kino i 1939, var han eit samarbeidstiltak mellom Aure Sanitets Gjentelag og ungdomslaget. Dei dreiv kinoen i lag heilt til han vart kommunal. Utover dette dreiv ungdomslaget i eigen regi skogreisingsarbeid, skodespelaktivitetar og leikarringar. I tida før kommunen fekk sin eigen kuluiradministrasjon fungerte Sykkylven frilynde ungdomslag som ein koordinator og pådrivar innafor kulturlivet i sentrumskrinsane.

På same vis var Valhall eit kulturelt sentrum, heilt ril huset vart rive då samfunnshuset kom i 1969. Det var knappast ein vekedag at Valhall var tomt. Her heldt lag og foreiningar til med basarar og festar, her var det kino og politiske foredrag. Ungdomslaget sjølv skipa til store festar kvart år. Det var morsfestane, 17.-mai, haust- og julefestane. I tillegg var det vanlege medlemsmøte som ofte kunne by på varierte og rike program. I ei årrekke var det vanleg at sentrumskrinsane skifte på å lage program. Då vart det som ei lita tevling mellom Fauske, Grebstad, Aure, Andestad og Vik om å lage det beste programmet.



Sykkylven frilynde ungdomslag sin leikarring ombord i turisibåten "Chu san" i Geiranger i 1953. Dei to spelemennene er Henrik Bakke og Karl Eidem. (Foto utlånt av Øystein Eliassen)

Felles samlingshus

Etter at bygda fekk fleire spesialiserte lag og foreiningar, måtte også ungdomslaga søkje etter sine spesielle nisjer. Og for Sykkylven frilynde ungdomslag vart leik og gamaldans- aktivitetane det særlege satsingsområdet frå tredveåra. Slik har det vore heilt fram til det siste. Ungdomslaget har elles prioritert teaterarbeidet. Dei siste åra har teateraktivitetane vore med å skape ei ny interesse for ungdomslagsarbeidet både i sentrumskrinsane og i Velledalen. Velledalen Ungdomslag er ein av medeigarane i det nye Grendahuset, og i 1980 åra hadde dei mange suksessar med Velledalsre vyane. Dei siste åra er det Velledalskoret som har vore faneberaren til Ungdomslaget. Dei har kome svært godt ut av fleire storprosjekt, og i år våga dei seg ut på scena med nyskapingen ragtime for blandakor.

Eit anna tiltak som ungdomslaget i Velledalen har engasjert seg i dei siste åra, er flytting og restaurering av den gamle Brunstad skule. Skulen står i dag nyoppussa mellom bjørkene ved Grendahuset, mykje takka vere iherdig dugnadsinnsats frå ungdomslagsmedlemmer med Torgeir Vikstad og Gunnar Velle i brodden.

Både ungdomslaget i Velledalen og på Aure miste sine gamle samlingshus kring 1970. Sidan har dei ikkje hatt eigne hus, men dei er medeigarar av høvevis Grendahuset og Samfunnshuset. Mellom lagsmedlemmene i Sykkylven frilynde ungdomslag har det vore drøfta om det er mogeleg å få reist eit nytt lagshus, for det var mange som sakna ein stad dei kunne kalle sin eigen. Det har aldri kome noko konkret ut av desse planane, og no er meininga mellom dei leiande i laget at ein heller får engasjere seg i utvidinga og opprustinga av Sykkylven Samfunnshus, slik at bygda om nokre år kan få ei tenleg storstove som kan huve for både dei heilt store og dei små og intime arrangementa.

Fleksibel organisasjon

Arbeidet i ungdomslaga har gått i båret det siste hundreåret. Slik har det vore i Sykkylven og slik har det vore i andre delar av landet. I Sykkylven hadde ungdomslagsarbeidet ei glanstid etter andre verdskrigen. Då vart det ny fokus på verdiar som rørsle alltid hadde halde høgt, nasjonal sjølvråderett, fridom og lokalt engasjement i alle delar av samfunnslivet. 11950-åra var ungdomslaga på Aure og i Straumgjerde rekna mellom dei fremste laga i samlagskrinsen. Utover i sekstiåra kom ein ny generasjon inn i lagsdrifta, ein generasjon som ikkje hadde opplevd trengselsåra mellom 1940 og 1945, men som var oppvaksen i ei tid med sterk materiell vekst, og minkande sosiale og politiske skiljelinjer. Dei nye ideala var Beatles og Rolling Stones. Dei leiande i ungdomslaget på Aure planla midt i 1960 åra ein Ivar Aasen -kveld for medlemmene. Denne vart det ikkje noko av, istaden spelte husbandet Hurncanos opp til dans. Men sjølv om samversformene til ungdommen har endra seg, og innhaldet på ungdomsmøta oftare fekk eit preg av uforpliktande moro, har ungdomslaget likevel greidd å halde på noko av særpreget sitt. Gjennom alle år har lagsarbeidet vore ein god skule for dei som har vore med. Her har dei lært om foreiningsdrift og økonomi og dei har lært å snakke og opptre i forsamlingar. Dei har lært å ta ansvar og dei har utvikla eit sterkt samfunnsengasjement. Synlege prov på det er at mange av leiarane i ungdomslaga seinare har stått fram som kommunestyre- og fylkestingsrepresentantar. Særpreget har også blitt teke vare på ved at leik-, musikk- og teateraktivitetane har vore sentrale element hos ungdomslaga i kommunen gjennom heile etterkrigstida.

På same tid har ungdomslagsrørsle synt seg å vere ein svært fleksibel skipnad som har greidd å tilpasse seg nye tider og nye utfordringar. Ungdommane som til ei kvar tid står i leiinga for laga, har greidd å fengje interessa til ein aktiv ungdomsflokk og det skulle ikkje mangle på oppgåver for framtida heller.

Felles røter

Tidlegare vart ungdomslagsrørsle av fleire skulda for å vere nasjonalistisk og navleskodande. Kritikanne hevda at interessa for dei nasjonale verdiane knytte til bondekulturen stengde for nye idear og kunne hindre eit vidare utsyn og internasjonal solidaritet. Samtida har vist at det ikkje treng å vere nokon motesetnad mellom det å vere oppteken av eiga nistone og eigenart på den eine sida og lagnaden til andre menneske andre stader i verda. Ungdomslagsmedlemer lærer sitt eige lands kultur å kjenne og i møte med andre lands kulturar opplever dei at dei i andre land er opptekne av det same som oss, sjølv om uttrykksformene kan variere. Elles er det slik at det vi kallar ekte norsk kultur i tidlegare tider har kome til oss utanfrå, for så å bli omskapt og tilpassa norske tilhøve. Difor vert det slik at di meir ein fordjupar seg i eiga historie og eigen kultur, dess lettare vert det å innsjå at vi menneske i grunnen ikkje er så forskjellige. All kultur handlar i grunnen om det same over heile verda; livsglede og sjølvutfolding. Difor bør det ikkje bli mindre ungdomslagsarbeid i framtida, heller meir!

Bonde, idyll og arbeid

Av Ole Andre Velle

*En bonde
en bonde
Ja, en bonde.
Min far er bonde.
Min bestefar er bonde.
Jeg blir bonde.
Ja,
en bonde.*

*På eg gard med
kuer...
og bester... ..
og traktorer.
Jeg synes
jeg ser det.
Jeg og min budeie
og våre ti barn står
og ser ut over
gården.*

*Vi tenker alle: Å, for en idyll
dette er.*

*Tenk om sommeren
står vi ute på jorden
med høy gaffelen og
vender høy.
Med svette armer
og bein.
Solbrente rygger,
nakne rygger.
Vi svetter.
Beina er såre...
men så ringer mor
inn til mat
siklende, slurpende
god mat.
Å være bonde er
både idyll
og arbeid.*

Jensine Bastianne og Jens Bastian er sant

Av Roald Solheim

Det hender ein sjeldan gong at to med nesten same førenamn gifter seg med kvarandre. Meir uvanleg at to personar med bortimot like førenamn og mellomnamn vert ektevigde. Dette hende likevel i Sykkylven i 1883.

Jens Bastian Larssen var fødd i Riksheimgjerde i 1855. Han var son til Lars Olaus Olsen Riksheimgjerde (1808-1896) og Lisbet Marie Hansdotter (1821-1892) frå Toregarden på Midtgard i Hundeidvik, Jens Bastian hadde åtte sysken. Broren Andreas døydde berre tre dagar gammal i 1840. Systra Berte Tomasine døydde sju dagar gammal året etter. Og vesle Lars Kristoffer døydde berre ein månad gammal i 1848.

Seks av ni vaks opp

Berte Kristianne var fødd i 1842 og vart i vaksen alder gift på bruket. Henning var fødd i 1845 og vart gift til Midtgard. I 1852 kom eit nytt gutebarn. Han fekk namnet Lars Kristoffer etter broren som døydde fire år før. Jakob Andreas kom i 1858. Han vart seinare gift med Severine Henningsdotter Utgard. Dei flytte til Emblem. Den yngste av syskena, Tomas Andreas, var fødd i 1862. Han vart gift med Anne Andreasdotter frå Giske, og flytte dit. Tomas dreiv sjøen. Han vart kjend som ein dugande fiskeskipper. Motorbåten hans bar det stolte namnet "Tordenskjold". På Giske kalla dei han Sørn-Tomas. Det går soger om han enno.

Same året som Jens og Jensine gifta seg, kjøpte dei Pe-garden på Riksheim og flytta dit. Jens dreiv med gardsbruk og fiske. Han hadde også snikkarverkstad i kjellaren, og var kjend som ein flink handverkar. Jensine Bastianne Olsdotter var fødd på Kurseth i 1862. Far hennar heitte Ole Severin Olsen Kurseth. Han var fødd i 1815, og døydde i 1876. Mora heitte Julianne Bastianne. Ho var fødd i Phil-garden på Aure i 1818. Ho døde i 1902.

Jensine hadde fem sysken. Det var ho vesle Bastianne, som døde berre 14 veker gammal i 1860. Berte Lovise døydde 12 år gammal i 1864. Dei andre vaks opp. Anne Oline (fødd 1846) vart gift på bruket. Marte Sofie (1849) vart gift med Lars L. Riksheimgjerde (fødd 1852). Petrine Karoline (fødd 1855) var gift med Lars Peter Guttormsen på Fet.

I tillegg til dei konkrete opplysningar i kyrkjeboka, står det også mykje "mellom linjene". Vi såg t.d. at tre av syskena til Jens, og to av syskena til Jensine, døydde som barn; dei fleste i svært ung alder. I dag reflekterer vi til vanleg knapt over dei store medisinske framstega som bar ført til at dei fleste borna i Noreg får leve opp. Dette har blitt ein sjølvsgd ting. Og vi kjenner oss ikkje særskilt heldige som har det slik. Men i mange land i "den tredje verda" er det framleis mange små som dør så alt for tidleg. Men sjølv om det døydde mange småborn i Noreg på 1800-talet, hadde det vore mykje verre tidlegare. Fødselsoverskotet i Noreg auka dramatisk nett dette hundreåret. Folketalet som var på 883.000 i 1801, vaks til 1,490.000 i 1855. Dette er ein folkeauke på 68 prosent på 54 år, og det er svært mykje. Auken skuldast ikkje tilflytting. På Sunnmøre hadde folketalet i 1801 vore 22371 personar. I 1855 var talet auka til 31.209 personar- ein auke på 40 prosent. Noko anna vi legg merke til, er namngjevinga.

Oppattkalling var vanleg. Odelsguten skulle kallast oppatt etter faren eller farfaren. På Kurset kom det "berre" jenter. Men, sjå, foreldra garderte seg. Mellomnamnet til fyrstejenta var Oline, etter faren og farfaren i fall det ikkje skulle komme gut seinare... Det vart då også mellomnamnet; Oline, som vart vart nytta på jenta, som seinare vart kone på garden. Bra dei hadde sikra seg.

Jensine og Jens etablerte seg som nemnt i Pe-garden på Riksheim. Stova står enno. Stovehuset er nærast brua på sørsida. Det no kvitmåla huset er interessant. Det er bygt i 1842 i to høgder og med ordentleg kjellarmur under, og med mura skorstein. Dette var ikkje heilt vanleg byggeskikk på bruka i Sykkylven då. Framleis var det røykstovene som dominerte.

Sju born

Jensine Bastianne og Jens Bastian fekk sju born. Olivia var fødd i 1884. Lars var fødd i 1886. Han bleiv i 1906. Det underlege var at det etter planen ikkje var Lars som skulle vere med på denne turen, men ein annan på garden: Petter Riksheim i Kjerane. Nokre dagar før avreisa skulle karane skyte inn ei børs. Ved eit uhell fekk Petter eit skot gjennom høgrehanda, og kunne ikkje vere med. Såret grodde, men ein finger vart stiv. Etter den tid kunne Petter utføre alt arbeid som før, bortsett frå å så korn. Det var ikkje høgrehanda tett nok til. Men, som nemnt, Lars reiste i staden for Petter, og Lars omkom på denne turen, saman med resten av mannskapet.

Berte var fødd i 1888. Ho gifte seg med Petter, som vi fortalde om ovanfor. Johan var fødd i 1890. Han vart gift med Tordis Rasmusdotter Sandøy. Ho var fødd i 1912. Dei to overtok bruket. Lovise var fødd i 1893, og gifte seg med Ole Jensen Lade. Dei kjøpte eit anna bruk på garden lenger oppe ved elva. Martin Bernhard vart fødd i 1899. Han var kjend som litt



Pe-Gardsslekta heldt i 1992 slektsstemne på Orreneset.

av ein oppfinnar, og laga maskinar til mange ulike føremål. Han vart gift med Olava Straumsheim. Dei bygde hus på Riksheim på nord sida av brua. Martin og Johan starta og dreiv som nemnt Riksheim Trevarefabrikk. Dei var dei fyrste i bygda som tok til med eksport av trevarer til utlandet. Riksheim Trevarefabrikk er den eldste møbelfabrikk i drift i Sykkylven i dag. Den siste i syskenflokk heitte Hjalmar. Han flytte til Amerika, og lever enno der i ein alder av 91 år. Dei andre i syskenflokk er ikkje meir.

Slektsstemne

Etterkomarane etter Jens og Jensine skipa til slektsstemne for ætta sommaren 1992. Om lag 100 personar frå heile landet møtte. Andre slekter har gjort liknande eksperiment. Alle vi har høyrte om har vore vellukka. Slektsstemne er positive tiltak som endå fleire burde prøve. Før, då Noreg i hovudsak var eit bondesamfunn, vart det skipa til slektsamkome ved dei store høgdepunkta i livet som barnedåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd. I tillegg var der årlege samkome, særleg då i julehøgtida. Av praktiske grunnar er diverre desse skikkane i ferd med å bli borte. Vi er så forkava, og har så lita tid. Dette trass i at ei mengd tekniske hjelpemiddel har blitt allemanns eige, og skulle gjere livet mykje lettare for oss enn for dei som føre for. Mange av oss kjenner knapt nok namna på syskenborna våre, og har langt mindre greie på tremenningane. Men blod er framleis noko tjukkare enn vatn, og mennesket er no ein gong ein sosial skapning som treng andre menneske i nærleiken for å fungere over tid.

Det er under slike tilhøve godt å registrere ei auka interesse for slektsstemne. Og dersom du ikkje nyst har vore med på noko slikt, bør du dra i gang eit prosjekt. De kan ta utgangspunkt i eit ektepar i ætta di som framleggsvise levde på slutten av førre hundreåret eller på byrjinga av dette. Det fine er at personane ikkje treng vera korkje rike eller vide kjende. I dømet frå Pe-garden ovanfor er det tale om to trufaste slitar, som eldre nolevande hugsar som snille besteforeldre. Og skulle ikkje slike vere vert å minnast, så er ingen det!

Oldeforeldre har dei fleste. Det du treng i tillegg, er nokre få medhjeplrarar, og litt god tid til førebuing. Start planlegginga i juleferien, og hald slektsstemnet til sommaren. Vegen vert til medan de går. Lukke til!

Herlege hundeliv

Av Kjetil Tandstad

■ Å vere 15 år i 1965 var eit hundeliv og det einaste moglege, skriv Kjetil Tandstad i denne artikkelen, som er ei resirkulert utgåve av kåseriet han heldt for medkonfirmantane sine 25 år etter.

Konfirmasjonsdagen var ein stor dag og eit viktig tidsskilje, også på sekstitalet. Den dagen sokneprest Olav Husabø la si hand på våre hovud og velsigna oss, opna han samstundes porten for oss til den breie veg. Barndommen var til ende. Den spennande, fargerike og dramatiske vaksenverda lag for våre føter. Konfirmasjonen vart enno rekna som overgangen frå barn til vaksen. Sjølv om lova sa 16-årsgrense for det meste og 18-årsgrense for mykje, meinte vi sjølve at vi var klare for det livet kunne by på så snart vi var femten og hadde fått prestehanda på oss.

Heile året gjekk vi for presten og snakka om alt vi skulle gjere, så snart konfirmasjonen var unnagjort. Det var fritt fram for alt farleg og forlokkande. Vi skulle røykje og drikke og sleppe til hos jentene. Vi skulle kjøpe Tempo Lett for konfirmasjonspengane og kalle det øvelseskøyring til vi var seksten. Så snart kontinuasjonen var over, ville alt vere forandra, meinte vi.

Derfor sto vi som nokre lys oppover midtgangen i gamlekyrkja og let oss velsigne, med foreldre og tanter og onklar og besteforeldre på plass på begge sider. Det var ei stor og høgtideleg stund og vi sto som ein engleflokk i våre kvite kapper og trippa.

Når alt var over, hengde vi av oss kappene og storma ut i våre nye konfirmasjonsklede. Jentene i pastellfarga crimplene med spisse skumgummipuppar og tuppert hår, som var stivt av hårlakk. Vi gutane i koksgrå terylene, kvite nytonskjorter og svarte sko. Personleg var eg mest stolt av konfirmasjons- skorne. Dei var spissare enn vanleg og hadde eit felt med svart semskaskinn på sidene, noko som gav dei eit dristig rockepreg. Over dressen hadde vi heilårskapper, sydde over same lest hos Furseth og med innlegg av skumgummi i foret.

Vi stod på kyrkjebakken og bytte visittkort. Nokre av dei verste sneik seg ned om nausta og fyrte opp ein Teddy, men dei fleste av oss stod berre og beundra dei. Etterpå for v i heim saman med familien på kyrkjebussen for å ete steika. Neste laurdag skulle vi heilt sikkert på dans.

Konfirmasjonen hadde faktisk eit slags preg av nålaug i dei dagar. Ein kunne ikkje sitje med hendene i fanget og rekne med å få det meste opp i handa av pedagogiske prestar og kyrkjelydsarbeidarar. Frå haust til vår skulle det lesast salmevers og bibelord. Overhøyringa sto for oss som ein reell trussel. I tillegg måtte ein markere seg i kameratflokk. Då nytta det lite å kunne sjeldne salmevers på rams. Skulle ein få respekt, måtte ein kunne vise til dristig handling. Det vart breitta papirfly og kasta papirkuler mellom benkeradene i kyrkja. Eg hugsa ein raud syltetøystrikk frå ei matabombe som la seg fint til rette rundt halsen til ein av dei utskorne apostlane på preikestolen. Strikken hang der store deler av det festause halvåret 1964 og var ei stadig kjelde til status for han som fekk det dit.

Det manglar ikkje på muntre minne. Men vi bør ikkje gå så langt at vi minnest konfirmasjonstida som ei lykkeleg og sorglaus tid.

Vi kan nok alle minnest den desperate kjensla av å gå glipp av noko dersom vi var inne ein laurdagskveld. Desperasjonen dreiv oss ut på slapsete, uopplyste landevegar kveld ut og kveld inn. Vi kava oss fram i våre spisse, glatte sko ei halv mil fram og ei halv mil tilbake, berre for å bli avviste i døra på ungdomshuset. Vi troppa nyfikne opp blant røykjarane og drikkarane bak nova, og vart trakasserte på det fryktelegaste som dei dritungar vi unekteleg var. Vi sparka opp svingdørene til Tordis Bar i Straumgjerde eller Siglar filialen på Aure og fekk beskjed om at her måtte ein kjøpe mat eller cola om ein ville vere med i det gode selskap.

Pengar hadde vi heller ikkje. Vi gøymde oss på galleriet i ungdomshuset etter musikkøvinga, og fekk med oss ti minutt av ein John Waynefilm, for ein eller annan sladra og vi vart kasta ut. Som sagt, det var eit hundeliv, men det einaste moglege. Det var i alle fall tusen gonger betre enn å sitje heime med foreldre og småsøsken. Vi måtte ut, for eitt eller anna kunne skje, og stakkars oss om vi ikkje var der.

Det var ei tid for våte sko og skranglete sykklar. Bussar gjekk det ikkje om kvelden den gong heller. Foreldre hadde stort sett ikkje bil, og hadde dei det, ville dei aldri komme på å køyre avkommet nokon stad utan god grunn. Skulle vi nokon plass, måtte vi gå eller sykle.



Det var litt av kvart ein konfirmant i 1965 fekk oppleve mellom dei eldre ungdomane. /Teikning: Jan Gunnar Nygård)

I vårt femtande år var det også tid for å velje mål og retning i livet. Det var tid for å velje mellom den breie og den smale veg. mellom spenning og kos, mellom ungdomshuset og bedehuset. Gjekk du på bedehuset, fekk du eit trygt miljø. Her var det glade kristelege songar, festlege ungdomsprestar og vaksenkontakt i overmål, og dessutan bollar og brus i pausen. På ungdomshuset var der fart og dramatikk, amatørteater og rockeband og jenter med korte skjørt og sigarettar. Jenter som ein kunne bukke keitete til og halde rundt i ein usikker vals. Hormonane hadde teke til å romstere i våre spinkle kroppar og påverka sterkt våre val.

Ungdommen er naturlegvis alltid seg sjølv lik. Også i 1965 hadde vi den vanlege fnisinga blant jentene og rølinga blant gutane. Men vi tok til å titulere kvarandre med etternamn så snart vi hadde flytta ut til ungdomsskulen på Aure. Til og med vi som hadde vakse opp i lag og gått i same klasse på barneskulen.

"Hei, Tandstad, e de nøke liv?", ropte kameratane. Og eg steig ned frå den skranglete sykkelen eg eigenhendig hadde måla fartsstriper på med Bengalac og repliserte: "A, du veit, det er mykje liv i store bilar".

Vi gutane var lange og skranglete eller tjukke og kvisete og vi gjekk i koksgrå terylene og heimestrikka kuffer. Vi nytta kvart høve til å væte kammen og friske oppatt sleiken. På føtene hadde vi gamle besteskor som var kvite på tuppene. Jentene hadde konete kjolar med blondar i halsen eller strekk- bukser og kufte.

Om dagen var jentene stort sett attkjennande. Men om kvelden dukka dei opp i ny ham. Håret var høgt og glassert med spray. Dei var dramatisk svarte rundt augene, bleike av rosa pudder og lys leppestift, og omgav seg med ein tung eim av Yaxa, som sikkert gjorde dei sikre under armene i 24 timar...

Som duvande fullriggarar dukka dei opp på streeten og segla suverent og nedlatande forbi dei måpande gutane frå klassa. Dei hadde lagt år til sin alder sidan dei steig av skule- bussen. Dei gjekk fnisande arm i arm og smilte kokett over hovuda våre. Så dukka det opp ein Ford Anglia eller ein MZ motorsykkel og stakk av garde med dei.

Mot ei slik overmakt hadde vi naturlegvis ingen sjanse. Vi vart ståande att med våre skranglete trøsyklar utan lykt og prøvde å dekkje over nederlaget med store ord og ville historier.

A vere femten var eit liv fullt av knuste draumar og forsmedelege nederlag, men også med enkeltstående sigar og triumfar. Det kunne vere eit heldig snøballkast, eller det kunne vere vaksne som behandla oss med den respekt vi meinte vi fortente. Eller det kunne vere varmande ord frå eldre kameratar som for ei lita stund gav oss den ringen av sjølvtrillit vi alltid ynskte oss.

I dag har vi blitt veltilpassa førtiåringar med feitt på sjela, familiefolk oppslukte av detaljar som plenklipping og potteplantar, skatteprosent og momsnivå. Vi finn oss godt til rette i våre velordna liv og frykter det bråe og uventa. Som femtenåringar var vi alltid på spranget, alltid søkjande og på jakt etter nye erfaringar og noko nytt å lære. Og vi tok livet dødsens alvorleg. Same kor håplause våre sjansar var, måtte vi ut og prøve. Ut og sjå. Ut og ta lodd på livet. Det var ei herleg, fantastisk, spennande tid. Men eit hundeliv.

Om kalkomnen på Blindheim

Av Halstein Kurseth

Etter Ålesundsbrannen i 1904 kom ingeniør Henrich Wilhelm Schmidt til Sykkylven. Han kom frå byen Høyer i Schleswig-Holstein i Nord-Tyskland, og starta opp med mursteinfabrikk og byggjeverksemd.

Blindheim Cementsteinfabrikk vart oppstarta i Jaktevika på Blindheim i 1905. Før den tid hadde Schmidt halde Hl ved det gamle teglverket på Aure. Sand tok han ut frå sandtaket på Erstad, på andre sida av fjorden. 20-25 mann var i arbeid på fabrikk, som i hovudsak produserte sement-murstein og sement-takstein. Noko seinare, i 1912, kjøpte Schmidt ein kalksteinforeskomst på Lyshol. Han tok ut denne kalksteinen, og brende han til kalk i omnen som han sette opp same året. Kalken var i hovudsak brukt til muring og puss av hus.

Under fyrste verdskrigen og utover 20-åra, dreiv Schmidt entreprenørverksemd med base i Sykkylven og kontor i Spjelkavik. Oppdraga var i hovudsak murbygningar: dei særprega "Schmidt-husa" som det er mange av på Sunnmøre, og kaier. Etterkvart vart denne delen av produksjonen trappa ned. Men sementsteinproduksjonen heldt fram. Drifta vart teken over av sonen Harald Schmidt, som produserte til midten av 1960-åra. Fabrikk, og store deler av anlegget er fjerna. Dette skjedde i samband med bygginga av den nye riksvegen gjennom Sykkylven sentrum. I dag står berre kalkomnen, eit uthus og våningshuset att. I samarbeid med eigaren, Jan Martin Schmidt, har Sykkylven kommune og Fylkeskonservatoren i Møre og Romsdal gått inn med midlar for å restaurere dette spesielle tekniske kulturminnet. Frå Riksantikvaren har vi fått ei nøyaktig skisse på korleis arbeidet skal gjerast. Skissa er utarbeidd av overingeniør Madsen. Vidare har Riksantikvaren løyvd kr. 60.000 til arbeidet, og Sykkylven kommune kr. 40.000.

Fagkyndig murar Norolf Kjøsnes har fått oppdraget med å sette i stand omnen. Det blir og naudsynt å setje i stand terrenget rundt omnen. Dette vart endra då dei laga dei nye vegane i området.

Den 14 meter høge omnen var tidlegare kvitkalka. Dette er og gjort no - med tre strøk. Men somme folk meiner at omnen var enno meir grå enn i dag. På sikt vil nok pipa gråne noko. Tre stålband er festa rundt omnen for å hindre frostspreng. Derte er framandelement på omnen, og dei har med vilje ikkje blitt tildekte. Alle sprekkene er reinska og reparerte, så det og er no i god stand. Då omnen var i bruk, var det naudsynt å reparere sprekker som kom grunna den høge varmen. "Sjølve omnen er godt og stabilt mura", seier Norolf Kjøsnes. "Det er ikkje fare for at han vil dette ned. Han vil stå stabilt i mange tiår framover."

Ovafor omnen blir det sett opp ei ny køyrebru i staden for den gamle, som vart brukt til å køyre triller med kalkstein på. I alle opningane blir det sett jnn ståldører som originalt.

Vi reknar med å bli ferdige med arbeidet sommaren 1994. Då blir det sett opp informasjonstavler, og tilrettelagt for dei som vil stoppe opp for å sjå dette spesielle kulturminnet i Sykkylven. Fagfolk har sagt at det finst svært få slike omnar att i Noreg, kanskje berre to-tre av dette formatet.

Kalkomnen på Blindheim vil nok bli eit landemerke for industrikommunen Sykkylven.



Slik ser kalkomnen ut på Blindheim etter at den vart restaurert i 1993. Fullføring av restaureringsarbeidet vert etter planen avslutta sommaren 1994, (Foto: Ole Jostein Fet)

Signe Villa skreiv dette diktet til årsmøtet i Sykkylven pensjonistlag i 1992:

Sola mi søte

Av Signe Villa

*I tre veker gøymer sola seg for oss;
men trettanddag jul glytter ho fram
i Brunstadskaret, der ho sist gjekk ned.
So stig ho eit hanesteg kvar einaste dag,
snart glytter ho fram frå alle skard.
Ho kjem høgare og høgare opp,
snart rullar ho frå topp til topp
så endå eit hopp, og no står ho høgt og fritt.
Og utover kjem ho forbi Trollkyrkja og ut Riksheimdalen.
Då er det meste gjort.*

*Og sola er ljøs og varm,
ho tøyser seg langt over vollar og vang.
Når ho kjem ut på Gjøtta. då skin ho til klokka to.
so går ho sakte og sikkert over Kløven, Stafjell og Kallen.
Då er ho i Kalldalen, og der går ho ned.*

*Skøpphønnet er seigt, fordi det er so høgt,
men her tek ho sitt siste hopp,
og då fær ho sør i Hundeidvik.
Ja, her er solrikt på Sørestranda
og vokstervilkår det er her fulla.*

*Her har det budd folk frå eldgamle tider,
ei steinøks funna på Jarnes, kan fortelje om det.*

*Dei streva og sleit, ville greie seg sjølve.
Dei dyrka jorda og rodde fiske.
Mange låg att på havet der ute.*

*Familien var stor,
det var trongt om plassen,
og ofte var det ikkje arbeid å få.*

*Då drog dei ut vestover havet,
til "Gullberglandet" som låg der og vinka
Du fann dei att i skogen, på farmen og sjøen.*

*Det måtte nok ein sterk rygg og ein sterk vilje til,
for å stå i mot det harde som møtte dei der borte.*

*Nokre bukka under for åket. Heime sat foreledra og
venta på son sin som aldri kom att.*

Men mange kom heimatt med dollar i lomma.
Dei fann seg ei kone, hygde hus og rydde seg ein gard.
Jorda gav brød, fjorden gav fisk,
og stundom kom der ein lekkerbisk.

Dei kjøpte seg båtar og for på fiskebankane.
ein sørestranding masa om elektrisk kraft frå Riksheimfossen.
Det fekk me i julegåve i 1917.
Dei hivde ut både kole og ljore,
for no fekk dei ljøs gjennom strengar og rør.
Oljelampa vart gøymd på myrkeloftet.
Det vart ljost både inne og ute.
Det kom industri til bygda.

Fabrikkar vart bygde som store kolossar,
langs heile den langstrakte stranda.
Bygda, ho blømde og velstanden auka.
Det gav arbeid til alle.
Det gav oss styrke og tru på oss sjølve.
Me skal ikkje dylgje;
det kom fleire i fylgje.

Me fekk oss nye skular og kyrkje,
barnehagar og idrettsplassar.
Grendahus bygde dei sjølve på fritida med dugnadsarbeid.
Folketalet auka, me fekk byggefelt.
På Jarnes, Sætre, Tu, Hellen og Hundeidvik.

Dei gamle fall frå,
men dei unge tok over.
Det kom nye skikkar og nye lover.
Bilen vart allemannseige.
Nye vegar vart bygde.

Me fekk ferge frå Aure til Ikornnes annakvar time.
Men den tok dei frå oss,
so no vil me ha bru i staden for ferge.
Ei bru, beint over fjorden frå Ikornnes til Vik,
Då ville me bli so hjarteleg glede.

Du som styrer lagnad og lukke;
lat sola framleis få skine
langt inn i alle dei kjære heimane våre
her på Sørestranda.

Julefeiring i eldre tid

av Petter Kursetgjerde

Det leid fram på hausten. Dagane var mørke, for ikkje å snakke om nætene. Vi hadde ikkje elektrisitet før eg var fem år. Om kveldane var det folksamt i stova. Mor spann og systrene mine karda ull. Far og bror min bøtte garn. dei skulle på vinterfiske. Då byrja far å fortelje om jula. Det var noko han kalla julegeita. Ho var framme i utmarka ein stad. For kvar dag kom ho nærare, og når ho nådde bøledet, var det jul. Kvar kveld spurde eg far kor langt ho var komen no. Ein kveld var far trøyt og sliten og var ikkje i lune til å fortelje. Då fika eg til han. Men då fekk eg herleg juling.

Men likevel, når jula nærma seg, vart det nedvask av huset. Det lukta friskt av grønsåpe. Både sengar og klede skulle vere reine. Mor hadde strikka hoser, vottar og underty. Dette skulle vere julegåver. Veslejulaftan skulle det bytast halm i sengane. Fyrste natta ruva senga høgt, men det var herleg å legge seg i den friske halmen. Det låg ein aldri så liten dâm av sol og sommar i halmen. Og når vi så vakna, då var det julafta.

Det var skikk å bryggje øl til jul. Det var noko som tok lang tid og måtte førebuast tidleg. Bygget (kornet) vart lagt i bløyt. Sa måtte det leggjast på ein høveleg varm stad. Då grodde det saman til ei torve som seinare vart riven sund, turka og sidan malen på ei grovstilt kvern. Då vart det kalla malt So skulle maltet kokast til vørterøl. Kvinnfolka møtte opp for å få vørter som dei skulle bake vørterbrød til jul med, må vite. Vørterølet vart så tappa i store kjerald (sår) i tre sorteringar. Den som kom fyrst, var godsorten. Det neste var lettøl. Og det som kom til slutt, var tynne saker og vart kalla spissøl. Gjæring vart sett i av ein spesiell gjærsort frå året før. Då hadde gjæra vorte turka på fjøler. På to-tre døgn var ølet ferdig. Då var det "oppskokje" dei kalla. Det vil seie at dei tappa ølet opp på kjerald for lagring. Det var skikk at grannar og kjenningar møtte opp for i kjenne etter kor ølet vart, og då gjekk det ofte lystig føre seg.

Endeleg var det julafta. Mjølkebåten kom ekstra tidleg, og tok ikkje mjølk den dagen. Det var berre for folk som skulle heim til jul. som fekk vere med. Etter at eg var slik halvvaksn, var det min rur å hogge juletre. "Julebondan", det vil seie julenek, skulle opp på ei troe ved dassen. Straks var det fullt av svoltne sporvar. Katten hadde nok hug på ei steik, men han hadde sjølvsagt ikkje ein sjanse...



Det gamle stabburet på Kursetgjerde. (Foto: Petter Kursetgjerde)

Bordknivane skulle slipast. Det galdt å ha god reiskap til steika seinare på kvelden. Dei måtte og pussast, for det var ikkje rustfritt bestikk i dei dagar. Slipemiddelet var slikt som låg i slipesteinbrya. Det var eit utifrå godt pussemiddel. Det var oftast graut til middag, for ein måtte vere godt svolten til kvelden. Juletreet måtte og pyntast. Pynten var papirlekkjer av kulørt papir. Pynten var ettersett i god tid før jul. Dei som var fingerneme, hadde laga kunstferdige korgar. Også dei av papir. Korgene vart fylte med neter og anna julegodt. Julelysa var oftast heimelaga av talg.

Appelsinar kom oftast til jul frå Spania. Dei var grusamt sure, men det var ei lukt som hørde jula til. Lenge etter fekk eg assosiasjonar av jul når eg kjende appelsinlukta. Små norske flagg var med i juletrepynten.

Utpå ettemiddagen tok det til å lukte godt frå kjøkkenet, men steika vart ikkje all tid tillaga der. I den fyrste tida eg minnest, var det far som steikte den over open eld av raudeine. Vi hadde ein veldig omn i stova. Far brukte ein "haihjekjepp" (kjepp av hassel) som han tredde igjennom. Logen var så heit at det laga seg ei skorpe utanpå so feittet ikkje rann ut. Det vart ei vedunderleg god lukt.

Fjøsstellet vart tidleg unnagjort. Det vanka godbiter til alle krøtera. Merra fekk korn. og kyrne og sauene fekk ekstra godt høy. Det var jul



(Teikning: Lars Petter Dahle)

Skyte inn jula

I dei tider var det skikk å skyte inn jula. Klokka seks small det eit kraftig skot. og so sette vi oss til bords. Der var steika hovudretten. Elles var det poteter og fint flatbrød, baka spesielt til jul. Der var byggrynsuppe kokt av kjøtkraft. Alle lys var tende. Vi hadde ikkje elektrisk kraft dei fyrste åra eg kan hugse, men lampane var ekstra pussa, og veikane trimma. So sat vi rundt bordet, sju sysken og far og mor. Far sat i høgsetet og mor ved sida av. Eg, som var så liten, fekk sitje saman med mor. Salmebøker og andaktsbøker var framlagde. So song vi "Nu ville vi oss samle"- den vedunderlege melodien av Bach. Mor hadde ei god songrøyst, og far hadde ei mjuk og fast røyst. Han brukte trimulatar og sløyfer på denne tonen. Eg likte ikkje dette då. Men seinare har eg høyrte store kor og orkester framføre melodien nett slik. Men dette var i ei tid då det var synd å smykke ut tonane. Dei gjekk seigt og taktfast med berre fjerdedels notar og so eit par notar i enden. So las far juleevangeliet og bordbona. Til slutt song vi "Av Høyheden oprunden er". Og so åt vi. Etter maten song vi "Oss er i dag en Frelser født", og bordverset. Kvinnfolka bar av bordet, og so kom gåvene. Det var svært jordnære ting; hoser, vottar eller underklede. Eg som liten var, fekk kanskje ei leike. Eg hugsar ein gong eg fekk ein bil med Lars-morbror. Bilen hadde endåtil sjåfør, og var med opptrekk. Ein annan gong fekk eg ein trompet med gammal faster mi, ho Tomasine i Ålesund. Trompeten laga stygge lydar, men så bles eg ut stemmebanda i han, til stor sorg for meg, men til stor glede for dei andre i huset. Vi var lenge oppe julekvelden. Alle hadde teke på seg god-andletet. Eg var den yngste, og var van med mykje refs og ris - ofte også urettvist. Men på julekvelden kunne eg gjere alt eg ville utan å verte tilsnakka. Far las og song, og mor tuska på kjøkkenet. Vi hadde oftast såkalla dravle før vi la oss. Og alltid leita far fram ei gammal slita bønebok som han las ei bøn or, serskilt for julekvelden. Det var lang helg, og lenge fram til det daglege slit. Eg som var minst, skulle ligge i stova juleatta for å passe på nissen, om han kom og la korn under bordet. Slik som kornet var, slik skulle åringen bli. Eg prøvde å halde meg vaken. Men eg såg ingen nisse. Dette var eit mysterium som eg enno ikkje har fått oppklart.

Juledag

Mor og far hadde alt vore i fjøsen og gjort frå seg der. Far brukte aldri å vere med i fjøsen. Det var kvinnfolkarbeid. Men juledagsmorgonen måtte han ut og sjå etter hesten. Del kan hende at dei underjordiske hadde vore ute og ridd med hesten om natta. Då måtte han ha ekstra tilsyn. Etter kvart samlast vi rundt tiordet. Dette var det gildaste måltidet for heile året. Det var rosinkake laga av vørter, lefser med krot på; julelefse. Og sjølvsaft nykjerna smør. og sylta flesk, ja alt det beste ein kunne skaffe. Og så, av tonen av "Af Høyheten opprunden er, en Morgenstjerne ren og skjær", såg eg, midt inne i Megardsdalen ei slik stor stjerne, større enn alle andre. Det var truleg Venus, men for meg var det denne som var "opprunden af Høyheten". Det var elles so tidleg på morgonen at dagsranda vår berre ei aning bak snødekte fjell. Men julmaten smaka, og ute steig dagranda, og grålysninga anda inn gjennom små ruter, og tevla med oljelampen. Frå kjøkkenet lok det til å ange godt. Det var middagsmaten som var i emning.

Far sat ved bordet og song. Han hadde ein eigen tone på "No koma Guds englar". Eg forstår ikkje kvifor han gjekk bort frå denne tonen. Ein god og varm tone frå folkedjupet Far gjekk elles og såg på himmel, sjø og fjell. Det var so mange ting som skulle stemme og markere dei ymse ting i året som kom. For julehelga var som ein kommunikasjon mellom det guddommelege og det menneskelege: Var det klårver, såg han etter kor langt inn på marka vår sola skein. Han trudde at sola ikkje gjekk heilt likt kvart år. For der som husa våre stod, der var sola vekk fire veker, men femti meter utanfor der skein ho heile året. Det var eit knapt skard inne i Standalfjella som gjorde dette. Og det var det han kontrollerte.

Men so leid det til middags. Far byrja å leite fram salmebøker og "vaniljebøker", og eg var spent kva for ei han tok. Vi hadde to stykker. Den eine var grei. Den kom han gjennom på tju minutt Men den andre var verre. Med sømmeleg verdigheit gjekk det bortimot to timar. Dette var noko av det verste eg visste. Tenkje seg til ein gutunge på 7-8 år site still so lenge og høyre på noko eg ikkje skjønna eit ord av! Det var ei rettskriving frå 1600-talet. Der stod det som slik: "Quinden skulle være Manden underdanig". På nabogarden kvelvde drengen eit blekkhus inn i andaktsboka, og store deler vart uleseleg. Husbonden måtte difor bykse over mykje, men kom då endeleg til slutt. "Der e køme enj blekkflekk på Amen med, du", sa han. Fyrste juledag skulle ingen gjere noke utan det vanlege stell i heimen. Og for all del ikkje gå nokon stad. Ein av kameratane mine braut dette tabuet, og etter folketrua tekk han ein Guds straffedom over seg. Han gjekk ein tur i skogen og gleid på ein is og skada kneet sitt. Kneet fekk han seinare vatn i. Legane klussa vel litt med kneet Det sette seg tuberkulose i det, og etter lang liding døydde guten midt i sin beste ungdom. Det var ei veldig tragedie som eg ikkje skjønna omfanget av før seinare. Men eg trur ikkje det var Guds straffedom for at han gjekk ein tur i skogen på juledag.

Men so kom andre juledag med litt mindre høgtid. Det var slutt då å ha lys på bordet. Det var litt vemodig, for det låg liksom i lufta at det gildaste med jula var over for denne gong. Men så var det juledrikkinga då. Som regel var det hos goffar på Myrset først. Garden låg høgt og fritt. Stove, stabbur, løe og so eit frittstående hus brukt til vedahus og dass. I første tida var der ikkje benk. Men ein planke som ein kunne flytte etter behov. Goffar var litt gretten då Larsmorbror laga benk med tre hol i. "Det ska vere på bysens, ja", sa han.



(Teikning: Lars Petter Dahle)

Huset hadde ei stor stove og eit stort sengekammers. Og ei hjell-stove med eit lite kjøkken. Der budde gormor og guffar på sine gamle dagar. På loftet hadde golfar snekkeri. Der laga han alt frå truskemaskiner til smi fine korgar med hank. Og alle jenter som kalla han golfar, fekk ei slik. Dreiebenk hadde han sjølv laga for fotdrift. Men best hugsar eg det store kjøkkenet i goffarhuset. Det var rømmeleg der, med eit grovsnekra bord med benker til. Og så ei gruve då. Mura av gravstein, og med skorstein som eit fonnefar. Og når elden brann på grua, sende den sitt varme lys over grov tømra tak og vegger. Det er som ein får gåsehud ved tanken. Slike rom skulle vere verna med strenge tiltak.

Goffar var nesten blind på sine gamle dagar. Han reiste til Bergen for operasjon, men den var heilt mislukka. Den eine auga tok dei vekk, og han gjekk alltid seinare med svart lapp. Gomor hadde skada ei auge i si ungdom, men ho las likevel utan briller.

Vi var samla i storstova. Grannane og. Eg var minst, og dei likte å terge meg. "Hæ du sett nøke te nå Jærs-Petter, kva hanj gjer på om dajin", sa dei. "De e ej so e hanj JersPetter", sa eg og protesterte høglydt til veldig moro for alle. Ein gong fann eg ikkje att mor. "Nei ho e heimatreiste for lenje sida", sa dei. Eg var heilt frå meg. Ute var det uver. Det ulte i den store skorsteinen, rett ein trolltone. Men likevel heldt dei moro av meg. Endeleg dukka mor opp, ho hadde berre vore med Berte moste bort på stabburet. So no var det vonde over. Men det sit eit sår i meg som er der enno...

A drikke jul

I den fyrste tid eg hugsar, var det ordentleg juledrikking. Då vanka det heimebrygg. Dei brukte å varme ølet, for drakk dei det kaldt, kunne ein få kyld i seg og få lungebetennelse og anna styggedom. No til dags må ølet vere nær frysepunktet skal det vere godt. Dei fjølga ølet ved å slå det opp i ei oppvarma gryte. Det freste i gryta med det same, men so var det passande å drikke. Ølet vart framboe i store trebollar med rosemåling og fyndord på kanten rundt. Og skjeggete karar drakk og skrytte av ølet. Særleg måtte det vere klårt. Ein måtte sjå botnen i ein høveleg stor bolle. Og karane røykte "Karva Blad", og osen og eimen la seg under taket. Og i ein stor skåpomn brann veden og sende ein lun varme ut i rommet. På bordet var det beste huset kunne skaffe, og gjestene gjorde ikkje skam på maten. Og slik gjekk det fram til 20. dagen med beding og gjenbeding.

Eg hadde bursdag den 12. januar. Då var vi alltid med han Hage-Ole. Han hadde ein bygselplass av jorda vår. For det arbeidde han tre dagar i slåttan hjå oss, og betalte tre kroner i bygselleige. I Hagestova var det tre rom. Fyrst kom du inn i ein gang med grue. So var det ei stove som var ca. 4 ganger 5 m. Der var to senger. So var der ein ovn til å koke på og ein liten kjøkkenbenk. Over ektesenga var der eit fint skap og ei loddklokke med lang pendel som sakte målte tida. Langs veggene var der benkar og langs eine tverrveggen eit bord med dreia bein. I golvet var der ei luke ned til potetene. På veggen over bordet hang det bilete av familiane til tre døtre i Amerika. Ein spegel og eit ord frå Bibelen var pent innramma. Bak stova var eit kammers med seng. Det var gjesterommet. Dassen låg luftig til, heilt i enden på huset under eit skråtak. Benken var av steinheller. Kanskje litt kaldt om vinteren, so det freista ikkje å sitje der lenge...

Der var ikkje veg til plassen, berre ei rås. Far og eg gjekk ned gjennom eit stykke som var delvis utmark. Men far kjende steinane, og så hadde han lykt med. Den sløkte han med det same vi kom inn i gangen. Far hengde lykta opp ved grua. for då for parafinosen opp gjennom pipa. Alt i gangen kjende vi kaffilukt, for inne hadde Johanne Marja kaffien ferdig. Bordet var duka med dei beste ting. Særleg hugsar eg nokre kvite kakeskiver. lefse og kromkaker som låg på ein blå vase. Men det beste av alt var den brune stikkelsbærsylta med kanelbork.

Ja, så sat vi då der og prata om dei daglege ting som kunne vere vanskelege då, men som vi smiler av i dag. Og så vart klokka ti og Ole leita fram ein pung or skapet med tre kroner i. Det var den såkalla landskylda for året som var gått for bygselplassen. Dei takka kvarandre. Eg fekk ei appelsin fordi eg hadde bursdag. Elles var dette eit signal på at gjestebodet var slutt.

Juletefest

Ein dag i romjula var det juletefest for borna! Den første festen var eg vel tre år. Det var det gamle skulehuset som stod i Uggarden, som vart brukt til samlingshus etter at nyeskulen vart bygd. Bedehuset som står i dag, vart bygd i 1917 delvis av material frå gamleskulen. Eg hugsar godt at far stod og heldt meg på juletefesten. Då kom lærar Bastian Blindheim og sa: "La mej få bere dinja guten rundt treet". Og eg syntest eg sat høgt til vers og såg utover: Menn i svarte klæde, skjeggete, prega av slit og alvor. Kvinner i fotside stakkar med kvite lommedukar og salmeboker i hendene. Håret stramt oppkjemba med ein knute i nakken, og med andlet som skulle det vere frå Vigelandsparken. Ein stor oljelampe prøvde å lyse opp denne morke hopen. Men eg kan berre hugse eit uklårt mørke. Store kvite kjertelys stod på trespiler i juletret og blafr i gufsen av dei som gjekk kring. Julemenn og papirkransar, norske flagg og nokre papirkorgar utgjorde pynten. Men i toppen var ei gylt stjerne og ein engel. Engelen sveiv rundt i vinddraget..

Ei tid før eg minnest, truleg i 1914, hende det noko dramatisk på juletefesten. Ein mann hadde skrive heim ein grammofon frå Tyskland. Det var sjølv sagt ein grammofon med ein stor tut opp i veret, og ein slangearm med eit monstrum av ein lyddåse. Stiftane såg ut som skospikar og måtte skiftast ofte.. Mannen hadde to plater. Ei side på fyrste plata var "Du grønne.

glitrende tre". Den andre sida var "Jeg synger julekvad".

Den andre plata hadde eit meir frivolt innhald. Dette var den fyrste grammofonen folk hadde sett, han vart eit sant bisn. Og no skulle dette vedunderet verte ei stor overrasking på juletefesten; i matpausen. Grammofonen vart plassert hemmeleg i skulekammerset. Ein predikant, som heitte Johannes Slinning, hadde tala. Borna hadde gått rundt treet med Tore-Hans og fela i spissen. Og så skulle det vere poseutdeling. Barneaugo blenkte i kapp med lysa frå treet. Kva var det i posen? Det brukte å vere ein julemann og ein appelsin og kanskje fire druer. Stunda var stor, og det var heilt stille i salen. Berre ei svak rasling av posane. Då lydde ein fæl lyd utanfrå kammerset, ei tynn og skrikande metallrøyst; "Han Ole Petter Olsen var et fyllesvin. Han Ole Petter Olsen drakk bare vin". Møtelyden var i sjokk, og sjølv dei som styrte grammofonen gløymde å slå han av, så han Ole Petter Olsen fekk referert heile sitt syndige liv. Predikanten, han Johannes Slinning, hadde åndsnærrelse nok, han steig ned i kalosjene, tok frakken og paraplyen, og skunda seg ut. Då siste strofa om Ole Petter Olsen hadde gnistra ut, var det stille lenge, men so stemde ein i "Brødre og søstre vi skilles nu ad", og so var festen slutt. Folk var heilt paralyserte av det som var hendt. Det var samtaleemne lenge. Eitt år etterpå bestemte dei at huset skulle rivast.

Til julegudsteneste på Sæbø

Far fortalde ofte om julefeiring då han var ung, i 1890-åra. Spesielt hugsar eg at han fortalde om ein juledag dei rodde til Hjørundfjordkyrkja. Det var nokre ungdommar som fann ut å ro til Sæbø ei julenatt. Fram til slutten av 1700-talet hadde Hatlemark og Hundeidvik høyrte til Hjørundfjord prestegjeld, så det var vel dette dei hadde høyrte om. Det var gneistrande kaldt og mykje snø. Staute karar og kvinner i heimegjorde klede flota svarte, tjærebreidde båtar. Dei hadde niste med, og kan hende eit kjerald med øl. Ein fullmåne stod over Ramontindane i sørvest. Dei låg vel i skugge. Men Skopshornet. Hundeidhornet, Molaupssåta og alle tindane på nordsida låg bada i sølvglitrande måneskin. Alle gjela var markerte med mørke skuggar. Vinterkulden svei nok i andlet på dei som sat i båten. Dei rodde to mil med si enkle tru på barnet i stallen som skulle gi frelse til ei heil verd.

Julegudstenesta tok to timar. Då dei kom ut frå kyrkja, hadde det skya over. Det var mildare ver i vente, og ei aning av ein lett bris bles ut fjorden. Så rodde ungdommane dei to milene attende. Den korte vinterdagen vart til skyming før dei landa i stoa. Eit halvt døgn hadde kyrkjereisa vart.



Bakken-plassen på Midtgard i Hundeidvik. (Teikning Lars Petter Dahle)

Smørjing av trebåtar

av Per Blakstad

Per Blakstad heldt dette foredraget på eit båtstemne på Sunnmøte Museum. Innhaldet er attgjeve av Sveinung Vemøy i bladet "Syft og Skaut" jula 1991.

Skal ein snakke om båtsmørjing før og no, so må ein legge mest vekt på fortida. Eg vil tilbake til den tida di båten vart smurt og åkeren sådd "i Guds Namn med Hensyntagen til Månen, Flo og Fjøre..". Men eg skal ikkje trøyte dykk med med tida heilt tilbake til Noahs ark - for det kan de lese om sjølve.

Eg har restaurert ein del gamle båtar, og når eg brende dei gamle borda, så lukta det tran. Borda var meinseige på gamle båtar, så eg byrja å studere på kva dei var smurde med. Det var no i alle fall tjøre, men kva anna? Jau, eg kom i snakk med ein gammal kar som hadde vore med bestefar sin og smurt båt i gutedagane.

Fyrst må du ha lever, sa han, og då lyt du ut og fiske. I den tida tok dei vare på kvar ein leverbit, slengde den ikkje på sjøen eller i fjøresteinane slik ein oftast gjer no.

Når levra var samla over ein vintersesong, og hadde stått nokre månader til våren, var det ei lys brun væske øvst i stampen. Dette kalla dei "lyse". Det som var att på botnen kalla dei "kørje", og dette smurde dei lunnane med. Kjerringane var ofseleg galne når ungane glei og fekk kørje på baken, og sette seg i godstolen når dei kom i hus.. Lyse er ikkje snøytt det same som tran, for ho er kokt, så det nyttar ikkje å lure seg til å kjøpe medisintran...



(Teikning: Jan Gunnar Nygard)

Ja, så må ein ha tjøre. Det må finnast fururot frå gamle stubbar, som byrjar å rotne, slik at det berre er alen igjen. Dei lyt spikkast i fliser . og det må ei jerngryte til, som ein stablar veden i på høgkant - så tett at sisle flisene må bankast i. Ein snur dette på haudet, eller med botnen i veret, over ei grop i svaberget. Ein må deretter legge ved over og rundt gryta, og det må heile tida vere god fyr, men ikkje for sterk varme. .

Rekved som er samla og turka på førehand, er god å fyre med. Slik blir tjøra ferdig nede i berghola, men ho må sti ei stund for å skilje ut tjøreløgen.

Så til båten..

Når alle vermerkje sant flo stemte, tok dei båten ut på brebenken.- det var to stokkar på tvers av båten, oppbygde i passe høgde og snudde aust-vest. Båten måtte liggje sør-nord!

Båten vart kvelvd på brebenken, men måtte ikkje snuast i lause lufta. Eine ripa måtte ha kontakt med benken, elles kunne det få alvorlege fylgjer når ein skulle sigle! No er båten klar til vidare arbeid.

Dei ei råd for å lette skrapinga. Ei stor gryte med vatn vart kokt. Det vart lagt sekkar eller gamle segl over båten og slege kokande vatn over. Då mjukna den gamle smurninga og vart lett å skrape.



(Teikning: Sveinung Vemøy)

Tilbake til sjølve breinga. Ei blanding av tjøre og lyse. - blandingsforholdet like mykje til kivi då som no. Eg har lese at på nye båtar brukte dei mest lyse, for då vart det blanke båtar og trefargen kom fram. Men di eldre båten var, di meir tjøre. Blandinga vart varma til tyntflytande, og gjeme tilsett ein neve grovsalt, for at det ikkje skulle ta fyr og eksplodere.

Båten vart varma i sola. So var det berre å bre, først utvendig, so innvendig. Skorne, hesteselen og kista på nausthjellen fekk også eit godt strøk, om der vart nok tjøre.

Blei det regn under prosessen, so måtte det krisehjelp til,- for då vart karane arge! Her er det at ei god ball-gryte kjem best til nytte, kokt av kjærleg kvinnehånd... og med god middagskvild etterpå. Berre det stagga sinne og sorg over regnet. Hadde slike rådgjerder vore kjende i dag, hadde det vore ball mest kvar dag, slik veret var i sommar..

Til den nyare tid. I dag får vi smurningar som er best for mannen, men tvilsame for båten. "Båtfornyaren". "Gammel båt blir som ny". "Gjør båtpusen til en lek!"... Kor djupt skal ein sunnmøring søkke?

Er det nokon som har prøvd å få ut nygla når båten er mest halvfull av vatn? Om lag umogleg !

Eg har kjensle av at vatnet er komme opp under toftene når det gjeld å ta vare på gammal båtkultur, stell og smurning.

Når det gjeld smørjemetoder i nyare tid, må ein då finne ei smurning som ein har tru på, for då blir i alle fall arbeidet best!! Dekksolje frå Jøko, tynna i terpentint kan nemnast.

Samt å fylle opp treverket med terpentin og eitt eller to strøk med god lakk, er og brukbart. Til skraping kan nyttast varmepistol og ei god skrape.

Meir skal eg ikkje seie for ikkje å drage på meg vreide...

Megardsdalen

Av Anny Strand

Hundeidvik har fleire naturperler, Megardsdalen er ein av dei.

Elter at vegen gjennom Megardslia vart opparbeidd, vart det lettare å komme seg "inn i dalen". Turboksen, som Hundeidvik Idrettslag si trimgruppe har lagt ut, viser at der er stor utfart om sommaren.

Berre eitt av dei gande sela etter stølsdrifta stir att. Selet er vedlikehalde som hytte. Utanom dette er der bygd seks hytter på sætervollen. Dei fire vatna ligg på rekke innover mot Tverrfjellet. Mange har teke ruren til Skopshorn eller til Hundeidhomet, og andre bruker overgangen til Riksheimdalen og vidare til Trandal.



Biletet viser glade ungdomar ein sommardag pd Tverrfjellet med utsyn til dei fire fiskevatna. Storevatnet: det største, ser vi berre ein liten del av nærast i biletet. Utover ser vi Flisfjorden og Solevåg, og i synsranda skimtar vi Ålesund.

Foto; Strand



Megardsdalen lokkar også til skitur når sola tek til å stige. Fram i mot påske og utover våren tek mange skiene på og får ei fin fjelloppleving. Skiturane har vore bygdetradisjon lang tid tilbake. Her er eit bilete frå påska 1942. Framme frå venstre: Lærer Øyvind Skaden og Oluf Midtgård. Bakfrå venstre: Oddlaug Midtgård, Anny Hilde og Pål Bakke. Heilt bak: Olivia Myrseth og Narny Bjørkavåg. Ståande bak: John Kurseth, Hans H.P. Utgard, Lovise Hagen, Marie H. Utgard og Marie P. Utgard, Bak henne står Sigfred Slyngstad frå Ålesund. Mannen ved fjøsmuren er Lars Myrseth. Foto: Strand

Hovdeåsen

{Foto; Strand}

Av Anny Strand

Oppå Hovdedsen er fint, kan du tru,
der er utsikt til prestegjeld sju.
Mot Ålesund og havet ein synet får
og innover landet der Storfjorden går.

Frå Tusvik og Hundeidvik går folket tur,
dei er glade i heimstaden der dei bur.
Det er fint å sjå heimane sine frå toppen,
og gjerne vert det matstund med kaffi i koppen

Så godt eit utsyn til alle sider,
mot fjell som stod her i alle tider.
skog og myrer og djupblå fjord
fortel si soge forutan ord.

Vi ventar ei stund og let auge ne fange
det vide utsyn til bygdene mange.
Råsa krokar seg frå Hovdeåsen vår,
men - skriv namnet ditt i boka før du går!



Synske-Karl på Tandstad

Av Oddbjørn Myklebust



Karl Johan Jenssen Tandstad (1869-1951). Gardbrukar og bygningsmann, (Foto: Gullik Norheim)

Det er på slutten av førtitalet. På hotellet i Sykkylven er det stort oppstyr. Ein amerikansk turist er mildt sagt svært oppøst, og han let irritasjonen sin gå utover hotelleiinga og dei tilsette. Turisten kan ikkje finne bilnøkkelen, og han er overtydd om at ein eller annan på hotellet har stole han. Den stakkars hotelleigaren veit ikkje si arme råd - rommet til amerikanaren er snudd opp-ned, gardsplassen er raka, men ingen har funne nøkkelen. Det gjer ikkje stoda betre at turisten har det svært travelt. Han må vere attende i Oslo til ei avtalt tid.

Då får hotelleigaren ein ide. Inne på Tandstad bur Jakob-Karl, vide kjend for dei synske evnene sine. Verten skundar seg til telefonen og forklarar situasjonen, Karl seier: - Du, denne amerikanaren din står med bilnøkkelen på magen.

Stor er undringa då det syner seg at nøkkelen har falle gjennom foret i vestelomma og ligg heilt nede i kanten av vesten. Då episoden kom i "Sunnmørsposten" drog folk på smilebandet. Avisa kunne elles fortelje at Karl Tandstad fekk ein pen sjekk for umaken. Amerikanaren var velhalden.

Landskjend

Kven var denne Karl Tandstad - mellom bygdefolket berre kalla Jakob-Karl ?

Jens og Karoline Tandstad bygsla eit bruk på Tandstad. Bruket vert kalla Jakob-garden, Jens og Karoline fekk ti born, fire gutar og seks jenter. I 1905 overtok odelsguten, Karl Johan Jensen Tandstad, farsgarden. Karl skulle komme til ågjere denne garden sa kjend over store deler av landet - og til dels også utanlands - at postadresse var unaudsynleg. Utan meir på konvolutten enn "Den synske på Sunnmøre", "Vis-Knut". "Tandstad-Profeten", eller andre namn som hadde ei viss tilknytning til det å vere synsk, kom breva fram, utan å bli særleg seinka av den grunn. *

Ein snill og ærleg mann

Karl Johan Jensen Tandstad var fødd 10. februar 1869. Han hadde tenkt å bli målar, men ombestemte seg, og vart tømmermann i staden. Han gifta seg med Lovise Drabløs, og dei fekk tre barn; Olga, Karoline og Jens. Karl Tandstad døde 18.januar 1951. Kona, ho Lovise, som blei tett på 100 år, døydd 27. februar 1987.

Karl Tandstad var kjend for å vere ærleg og snill både med folk og fe. Kunne han gjere eit medmenneske ei teneste, var det aldri nei i hans munn. Men skulle det slaktast på garden, orka ikkje Karl å vere heime. Mor hans var sikker på at den synske evna hadde han fått av Gud nettopp avdi han var så uvanleg god både mot menneske og dyr.

Redaktør Anders Skeidsvoll skriv dette om han i ein lenger omtale i "Gula Tidend" like før jul i 1951: "Karl Tandstad var i bygda, og vidare, kjend for å vere ein særskild vensam og hjelpsam mann. Dette var vanleg å høyre då eg vitja Sykkylven i sumar. Det gode minnet etter han er sær levande. "Det var her oppe Tandstad budde", sa eg til ein vegvaktar. "Ja", sa han, utan å reise seg heilt opp;"Det var ein snill mann!". Dette tok seg oppatt med alle når eg nemnde namnet til Karl på bygda "

Det er utenkjeleg at Tandstad for med fusk og fanteri. Ærlegdomen hans er heva over ein kvar tvil. Det vil i grunnen vere minst like utenkeleg at fusk kunne gje dei resultat Karl oppnådde med den spesielle evna si.

Då Karl Tandstad var tjue år, opplevde han for fyrste gong at han hadde ei uvanleg evne. Karl skulle hjelpe ein granne med å finne ei ku som var blitt borte. Karl fortalde om dette til "Sunnmørsposten" i eit intervju, 30.januar 1937;

- Eg vart trøyyt og la meg for å kvile. Så ser eg kua for mitt indre auge. Eg skunda meg opp, og fann verkeleg kua der eg hadde "sett" ho. Men eg la ikkje særleg vekt på det. Og det var nok lenge eg sjølv ikkje trudde på dette "å sjå". Men sidan vart eg nok nøydd å bøye meg for kjensgjerningane. Det viste seg nemleg gong på gong at eg såg ting som var bortkomne. Det er då nok av dei som fordømmer det som noko unaturleg, eller som overtru frå middelalderen. Men for meg har dette blitt den naturlegaste ting i verda. "

Trolldom

Ikkje dess mindre veit eg at Karl gjekk svært stille i dørene den fyrste tida etter at han haddde oppdaga dei synske evnene sine. Han visste ikkje kva andre ville seie - han hadde fått ei gåve som ikkje mange andre hadde fått. og var redd for at spekulasjonane frå tvilarane ville kome. Karl Tandstad fekk rett. Da denne underlege evna hans vart kjend, kom også misunninga og mistenksomheita for ein dag. Redsla for det ukjende, det som ikkje kunne forklårast, var truleg og ein faktor. Mange meinte at synskeheit var trolldom, andre var sikre på at Tandstad hadde samband med den vonde, og atter andre var overtydde om at dette hadde han lært etter å ha studert "Svarteboka". Nokre meinte han var spiritist. Spiritismen hadde rett nok fått ei viss utbreiing på Nord-Vestlandet kring århundreskiftet og tidleg på 1900-talet. men denne rørsle - om ein kan nytte ei slikt uttrykk - tok dei aller fleste sterk avstand frå. På dette feltet var gamle kjensler i sving. For spiritismen rokka ved god, gammal kristendom.

Då Karl fekk høyre om desse ulike teoriane som verserte på bygda, vart han både skuffa og sår. Han hadde si sterke gudstru, og ville aldri ha brukt dei synske evnene sine, dersom han hadde meint at der stod vonde krefter bak.

Ettersom tida gjekk, og folk fekk sjå kva denne liketille og truverdige mannen kunne utrette, vart mykje av skepsisen borte. Han fekk også god hjelp av pressa her.

Journalisten Jørgen Gjerding vitja Karl Tandstad, og kunne etter besøket slå fast:

- Det er ikke noe spesielt ved Karl Tandstad !

Sunnmørsdiktaren Henrik Straumsheim, sambygding av Karl, skreiv i eit intervju med den synske:

- Når ein ser Karl landstad, får ein slett ikkje noka kjensle av mystikk. Ein får ei kjensle av at han er ærleg og truverdig tvert igjennom. Fusk og fanteri ligg så langt borte frå han!

Og Straumsheim skriv vidare:

- Menneskesjela har truleg - på same måten som frøet - i seg evner som vi kjenner lite til.

Begge desse journalistane poengterer at det ikkje var noko mystisk ved Tandstad. Men dette fortel oss noko om den haldninga mange menneske hadde til synskeheit på denne tida, ikkje minst når dei fekk den så nær innpå livet. Vi får ikkje la kritikken bli for hard overfor desse, når vi i ettertid kan riste på hovudet og vere betrevitarar. Folk klamrar seg til det kjende, og vert usikre overfor det ukjende. Det er vel i og for seg ingen unaturleg reaksjon i dag heller.

Bukkane i fjellhylla

Eg tek med ei soge frå tidleg på 1920-talet. Karl fekk ein telefon frå Nordfjord om han kunne finne tre bukkar som var blitt borte. All leiting hadde så langt vore utan resultat.

I lange perioder gjekk ikkje Karl til telefonen, for han hadde ikkje sjølv apparat på den tida, og det ville ta for mykje tid. Denne gongen gjorde han eit unntak, og han svarar

- Dei tre bukkane står inne i ei fjellhole, berre få meter frå der de alt har leita.

Folk drog etter dette av garde på nytt, og då dei kom til fjellhola, stod ein bukk like ved inngangen. Men dei to andre var ikkje å sjå.

Så var det å ringe til Karl på nytt. Men denne gangen vert han litt irritert- og svarar:

Når eg har sagt at bukkane er i fjellhola, så lyt de tru det Dei er inst inne i hola, om lag tre meter inne i fjellet! Og inst inne i hola, heilt opp til veggen, vart dei to bukkane funne. Olaf Blindheim skreiv ned denne hendinga. Historia om dei tre bukkane vart omtala i lokalavisene, og førde til at arbeidsmengda for Karl auka mykje.

Roald Amundsen og Karl Tandstad

Så kom 1925 og nordpolflyginga til Roald Amundsen. Dermed for namnet til Karl Tandstad over heile landet. I dei niogtjue dagane Amundsen var borte, og folk flest heldt pusten av spenning, vart det eit svare renn av journalistar og privatpersonar hjå Tandstad. Han og kona tok gjestmildt imot. Einskilde dagar minte huset deira meir om eit pensjonat enn ein vanleg heim. Ofte måtte dei la folk som kom langveges frå, få overnatte. Men Lovise tok det meste med eit smil. Brev og munnlege spørsmål tok ikkje slutt, og Karl svara så mykje han kunne. Han beundra sjølv Amundsen, og var spent på korleis del gjekk med han. Olav Blindheim har skrive det eg no refererer

Denne sommaren bygde Tandstad hus for grannen sin. Brått ein dag sa han så høgt at alle arbeidskarane høyrde det:

- Uff, der datt han !

- Kven datt? spurde dei andre. Den synske svara ikkje. Han støtta seg på økseskaftet, og så såg han ned i bakken.

- Å, der blei han berga, sette han like brått i, høgt og tydeleg. No fortalde han at han hadde "sett" ein av mennene til Amundsen falle ned i ei råk, men at denne mannen vart berga av ein kamerat. Mannen Tandstad bygde for. skreiv ned dag og time da dette hende, og det vart seinare slått fast - så nøyaktig det let seg gjere - at nett slik hadde det gått til oppe i isen på det tidspunktet.

Seinare sa Tandstad ved eit høve:

- Denne gongen kjem Amundsen att, men det gjer han ikkje neste gong!

Endå travlegare skulle det bli for den synske Karl Tandstad tre år seinare, i 1928, då Amundsen på nytt sette kursen nordover, denne gongen på leiting etter general Nobile. Denne sommaren fekk han og dottera, Olga, som og var synsk, over tusen brev med spørsmål om korleis det gjekk med Amundsen. Og garden såg til tider ut som ein pilgrimstad, som ein av grannane uttrykte det.

Fredag 13. juli var siste gongen Karl "såg" Amundsen. Han sa at det var meir enn synd at Amundsen hadde lagt i veg denne gongen. Sa sikker var den synske på at Amundsen hadde omkome, at då Veslekari-ekspedisjonen ville ha han med for å rettleie dei i leitearbeidet, sa Karl nei.

- Denne leiteekspedisjonen er til inga nytte, sa Karl, det er ikkje von om å finne nokon av dei i live.

Skeptikaren

Karl og Lovise var fleire ganger på besøk heime hjå foreldra mine på Vågstranda. Mor mi fortel om eit par hendingar frå desse vitjingane:

Den kloke mannen i bygda - tidlegare ordførar og med ein viss militær utdanning bak seg - hadde fått greie på at den synske Karl Tandstad skulle komme på besøk til foreldra mine.

P.A.. som denne respekterte mannen vert kalla på folkemunne, likte å fylgje med i det som skjedde i den vesle bygda, og han gjorde seg snart ærend for å treffe Tandstad. Då han hadde helst på den synske, og prata litt om laust og fast, seier brått Karl:

- Du trur ikkje på evnene mine, du!

- Nei, svara gjesten.- det gjer eg ikkje.

- Eg ser du har ein gard, heldt Karl fram,- med raud låve og kvirmåla våningshus.

- Jau. det er rett nok, men det beviser ingen ting, heldt P.A. fram. Karl overhøyrde det siste, og heldt fram:

- Det er mørkt i kjøkkenet ditt, for det er ein bratt bakke ovanfor huset. Denne tek mykje av lyset frå kjøkkenet. Midt på golvet ser eg kona di, ho sit i ein stol og arbeider med eitt eller anna. Inne i stova står skrivebordet ditt...

Lenger kom han ikkje - den kloke bygdamannen hadde høyrte meir enn han lika - han takka for seg - og gjekk. Men historia er ikkje slutt med dette. To dagar seinare dukka mannen opp på nytt - denne gongen med eit konkret spørsmål til Karl Tandstad.

- For eit par år sidan mista eg ei ny vindjakke, kanskje du kan fortelje meg kvar ho er?

- Den jakka, svara Karl - lånte du bort til ein som hjelpte deg i slåttén. Nett no heng ho i eit bislag på ein gard ikkje så svært langt unna.
- Der har vi det, sa P.A. Han takka for opplysninga og gjekk strake vegen dit han meinte jakka måtte vere. Dagen etter stakk han så vidt hovudet inn gjennom kjøkkendøra til mor og sa at jammen hadde den synske rett! I kva grad den høgt respekterte P.A. hadde blitt overtydd om dei synske evnene til Karl, skal vere usagt, men han fortalde i alle høve villig om hendinga til andre i bygda.

t

Flyttespådóm

- Foreldra mine var komne til Vågstranda tolv-femten år tidlegare. Og dei trudde dei ville slå seg til der for godt. Likevel spurde mor mi Tandstad då han no likevel var i huset - om han kunne sjå om dei kom til å flytte nokon gong.
- Tja, svara Karl, de kjem til å flytte om nokre år. De kjem til å bu i eit stort kvitmåla hus med kvitt stakittgjerde rundt. Huset har ark både oppover og nedover (her peika han for å vise kva han meinte), og frå huset kan de sjå eit vatn og ei kyrkje. Mor viste ikkje rett kva ho skulle tru, men da dei flytta til Vestre-Toten vel tjue år seinare, og flyttebilen svinga inn porten framføre eit kvitt hus med eit kvitt stakittgjerde, og med ark oppover og nedover, sa mor, som no med eitt hugsa det Karl hadde sagt
- Akkurat som Karl-morbror sa heime hjå oss på Vågstranda! Eg var sjølv med flyttelasset, og kan berre legge til at resten stemte og - både vatnet og kyrkja.

Moro på byggeplassen

- Både Karl og kona hadde eit lyst sinn. Smilet var aldri langt unna. sjølv om det kunne vere trange tider med svært vekslende inntekter, og lange, travle dagar. Gardsbruket hadde same storleiken som mange andre gardsbruk på Vestlandet; det var korkje til å leve eller døy av. Karl var utlært bygningsmann, og i perioder reiste han og nokre til rundt på Sunnmøre og i Gudbrandsdalen og bygde hus. På byggeplassane hadde dei stor moro av å gøyme verktøyet for kvarandre - ein spøk alle måtte finne seg i. Men det var ikkje noko moro i å gøyme verktøyet til Jakob Karl. for han fann det att same kvar det var gøymt. Kona hans, ho Lovise, som eg møtte mange gonger fram til ho døyddé, fortalde meg fleire hendingar frå denne tida.
- Ein gong fortalde ho, hadde arbeidskameratane hans avtalt å komme på arbeid i god tid før Karl. Så fann dei den mest utpekulerte gøymestaden til hammaren og saga hans. Dei tok så til å arbeide like før han kom. Karl gjekk ikkje dit han hadde lagt verktøyet kvelden før, men han gjekk rett til den plassen der verktøyet var gøymt, og byrja arbeidet utan å seie eit ord.
- Slike hendingar vert det naturleg nok ikkje halde stilt med, og ordet gjekk om mannen med den uvanlege evna.

Pass kua di

- Karl kunne også seie kvifor folk oppsøkte han. Bernt Tandstad - eller "Øggards-Bernt", som var lensmann i Sykkylven i mange år - var nær granne til Karl Tandstad. Dei kjende kvarandre godt. Bernt fortalde meg dette.
- Ein bonde frå bygda hadde mista ei ku, og etter mykje leiting måtte han gi opp. Dermed blei det å gå til Jakob-Karl. Bonden hadde ikkje før opna stovedøra på Tandstad, før Karl ser på han og seien - Har du mist kyra di igjen, no då. Og det er den same som den eg fann att for deg i fjor sommar, ser eg. Bonden måtte innrømme at slik var det, og han fekk også denne gongen grei bekjed om kvar han kunne finne kyra.
- Du får passe betre på kyra di framover, humra Karl frå skrivebordsstolen.

Krølltanga

- Kåre Lid var dreng hjå Bernt Tandstad, grannen til Karl. Kåre fortalde meg denne saga: På Øggarden var der ei tenestetaus. Ho hadde ei krølltang som var flittig i bruk når helga nærma seg. Brørne til Bernt fekk Kåre til å gøyme denne tanga. Og det var berre Kåre som visste kvar tanga var. Han hadde teke den med på løa og stukke ho inn i ein høydott bak kverna som dei brukte til å male revemat med.
- Det blei eit helsikes liv, fortalde Kåre Lid. Tenestetausa forstod at nokon hadde gjort henne ei prette. Nokre dagar seinare skulle Kåre og jenta køyre eit lass på sætra. Jakob-Karl hadde spurt om han kunne få sende med ein sekk. Det skulle det sjølv sagt bli ei råd med. Då dei kom forbi Jakobsgarden, stod Karl ved vegen med sekken.
- Skal eg spå deg. Åsta, spør Karl.
- Nei, det interesserer meg ikkje, svarte tenestejenta. Men er du so svær ein kar som folk seier, kan du finne att krølltanga mi! Ho skildra krølltanga, og fortalde i sterke ordelag kva ho hadde tenkt å gjere med den som hadde teke henne.
- Dersom du lover meg at du ikkje vert sint på den som gjorde det, skal eg fortelje deg kvar tanga er, sa Karl. Tak og høyr med han Kåre her. om du får vere med han bort i løa når han skal male mat til revane, du, sa Karl, med eit lurt smil.
- Jenta snudde på flekken og sprang tilbake til løa, og der fann ho tanga der Jakob hadde sagt. Og krølltanga vart med på sætra.

Lommeboka Knut A. Romuld - ein kollega av meg på Kleive, ei bygd nokre mil frå Molde, fortalde meg denne hendinga:

- Det var under krigen, på ein dans i bygda, al ein av festlyden utpå kvelden oppdaga at lommeboka med ein stor pengesum i, var blitt borte. Då lommeboka ikkje kom til rettes sjølv etter mykje leiting, ringde eigaren til Karl Tandstad.

Han fekk derte svaret:

- Lommeboka er pakka inn i eitt eller anna, og er stukken oppunder golvet på eit hus i ein kjellar. Det er lett å komme under der.

Han kom og med fleire detaljar, men desse er gått i gløymeboka. Nok om det. Mannen skjøna kva hus det var - det var nemleg berre eitt hus i bygda som høvde med skildringa, og det var ungdomshuset der dansen hadde vore. Og ganske rett der fann han lommeboka stukken opp under golvet. Ho var pakka inn i brunt papir!

Ryggsekken Eg har fleire personlege opplevingar med Karl Tandstad og dei synske evnene hans. Eg får ta med ei:

I 1949 gjekk eg siste året på realskulen. Etter å ha vore heime ei helg, skulle eg ta bussen attende til skulen om Søndagskvelden. I ryggsekken min hadde eg så godt som alle skulebøkene mine - det var ikkje snakk om å ha leksefri på måndagar den gongen - og dei kleda eg skulle bruke dei neste fjorten dagane. Med andre ord - det meste av mitt jordiske gods var trygt plassert i ryggsekken. Då eg kom vel attende til skulen, og sjåføren skulle finne sekken min i bagasjerommet, var der ingen sekk som var min.

- Då må eg ha lagt sekken over i den bussen vi korresponderte med eit par haldeplassar lenger oppe. Eg tenkjer sjåføren på den bussen tek sekken med til rutebilstasjonen i Ålesund når han ikkje finn eigar til han. Ring stasjonen i morgon tidleg, så har dei nok funne ryggsekken din, trøysta sjåføren meg.

Tidleg neste morgon svara rutebilstasjonen meg at ingen sekk var innkomen der. Eg

ringte så heim. og der lekk eg eit trøystande svar:

- Ja, då får eg ringe Karl-morbror! Eg ringer deg snart opp att. Det

gjekk ikkje mange minutta så var mor på tråden att:

- Karl-morbror seier at ein av passasjerane som gjekk av eit par haldeplassar før deg, tok sekken din. Han meinte ikkje å stele han, og du får han snart attende med alt innhaldet på plass.

Onsdag før middag - midt i ein matematikktime med rektor - kom det bod om at eg snarast måtte kontakte rutebilstasjonen i Ålesund. Om eg var aldri så spent, måtte eg fint vente til skuledagen var over før eg kunne etterleve ordren.

- Vi har fått inn ein ryggsekk med namnet ditt på. Ein passasjer på same bussen tok feil i farten da han skulle skifte buss eit par haldeplassar før du gjekk av. Vi sender sekken innover med fem-bussen!

Glad var eg, og då sekken kom, var det fort gjort å konstatere at alt innhaldet var på plass.

Ekteskapsspådom Ei av tantene mine. Lovise Wiik,

fortel dette om Karl:

- Karl-morbror og eg var saman i eit bryllaup. Brått spør han meg om eg skal gifte meg snart. Nei. det hadde eg slettes ikkje tenkt.

• Du kjem til å bli gift med ein enkemann, du, sa Karl.

Eg vart nesten fornærma på morbror. Skulle eg gifte meg, skulle det i alle høve ikkje bli med ein enkemann!

Det gjekk nokre år, og ein gong vi var saman på nytt- det var endå til i februar månad i byrjinga av krigen, sa Karl med eitt:

- No har den du kjem til å gifte deg med, det vondt!

Meir sa han ikkje. Men eg bestemte meg for å hugse det han hadde sagt. Fire år seinare møtte eg mannen eg skulle komme til å gifte meg med. Han fortalde meg at han hadde mist kona i barselseng, i februar fire år for. Korkje Karl eller tante kjende mannen frå før. Dette er truleg den mest forunderlege saga eg kjenner om Kari Tandstad.

Minne frå Brunstad gamle skule

Av Bjørg Sørensen

På 1800-talet vart det vanleg at alle lærte å lese og skrive. I dei fleste krinsane var det omgangsskule. Ein skulemeister for rundt i kvar grend ei veke eller to, og han lærte ungane lese- og skrivekunsten så godt råd var.

Det var i stovene på gardane dei heldt til med omgangs-skulen. Det seier seg sjølv at det var ein tungvint måte å frakte med seg ymse hjelpemiddel. Men i 1880-åra vart det ein oppsving med å bygge skulehus i kvar krins, såleis også i Brunstad krins i Velledalen.



Elevar ved Brunstad skule, kring 1916, Jenter: Berta Brunstad, Lovise Brunstad, Lina F. Brunstad, Palma Hjørhol. Johanne K. Brunstad, Solveig Lyshol. Susanne Brunstad. Mane Grebstad, Lina K. Brunstad. Jenny S. Brunstad, Hulda Grebstad og lærar Lyshol. Gutar; Øystein Lyshol, Selmer Grebstad. Karl O. Brunstad, Johan Brunstad, Harald Brunstad. Petter P. Hjorthol. Alfred Brunstad. Severin Brunstad. Martin Brunstad. Arthur Brunstad. Leonhard Brunstad. Lauritz Brunstad og Bastian Brunstad.

Brunstadskulen

I 1890 stod det nytt skulehus på Brunstad. Det var i bruk like til 1961, då alle tre skulekrinsane i Velledalen vart ihopslegne til ein skule, med skulehus på Dalemyra i Tre- gardane. Gamleskulen på Brunstad vart nokre år seinare neddriven, men er nyleg oppattsett på Dalemyra attmed skulehuset der. Det frilynde ungdomslaget i dalen har gjort eit imponerande arbeid med dette.

Eg minnest at i 1940 laga krinsen ein 50-årsfest for bygginga av skulehuset på Brunstad. Det var ein kjekk fest. og alle i Brunstad krins, både store og små, var samla. Der var servert heimelaga mat, som festlyden hadde med seg. På lærarrommet vart det laga kaffi til dei vaksne og kakao til borna. Det eg likevel minnest best, var talen til Tøsten-Olav. Han var vel krinsformann då. Olav sa mellom anna: "Dette er ein skule som no i tida er heilt moderne. Dei som har bygt han var føre si tid. Døkke kan berre sjå døkke rundt, her finst ikkje eit einaste mutthøl." Det var folket i Brunstad krins som bygde skulen for sine egne pengar. Sykkylven kommune tok seinare over drifta.

Gamleskulen var ikkje mykje stor, berre om lag ti meter lang og sju meter brei. Han var kvitmåla med raude lister. Store skiferheller til tak. To store vindaug med seksdelte ruter i brystveggane og tre vindaug på eine sideveggen. På den andre sideveggen var inngangsdøra, stor og brei, med eit tredelt vindaug over døra. På loftet var eit småruta vindaug i kvar brystside. Utedoen låg om lag ri meter frå skulen. Ein rom for gutar og eitt rom for jenter. Veslehuset var og kvitmåla med raude lister. Dette huset hadde torvtak.

Inne var skulen oppdelt i tre rom. Gang, skulestove og lærarrom. Gangen var liten, om lag 3 x 3 meter. Her vart mykje av vinterveden oppstabla under loftstrappa, resten av veden vart send på loftet Klevane stod på rad opp trappa. Veden vart sendt opp, vedskie for vedskie, til alt var plassert der oppe. På veggene i gangen var der knaggar. Kvar elev hadde sin faste knagg. I døra inn til skulestova var det to små ninde glasgluggar. Kva desse skulle tene til, har eg ofte lurt på. Skulestova er etter måten stor. Der var grønmåla veggjar og kvitmåla tak og vindaug. Under taket hang det tre lyspærer i tvinna spiralar. Det lyste utruleg godt av desse lampane. På veggen, i front for elevane, var tavlene plasserte. To store tavler og ei lita tavle på skrå i kråa.

Elles var det opphengt kart på fleire veggjar. Det var Europakart og Noregskart, og eitt frå Møre og Romsdal. Heile to kart var frå Israel. Kristendommen stod høgt i kurs i dei dage. Den lærdommen vart teke høgtideleg. Elles hekk det bilete frå Jesu tid. og mange fiske- og fuglebilete. I front for elevane stod kateteret med eit bord som rigla på fire bein, og eit orgel på tvers for bordet og kateteret. På endeveggen bak orgelet hekk eit lite firkanta skap. Der stod biblane oppskåra. Der var sikkert ein 15 biblar som vart utdelte når det var bibellesing, og det var det minst ein gong i veka.

Midt i rommet, på eine tverrveggen, var skåpomnen plassert. Han var i fleire høgder, og om lag to meter høg. Ja, han varma kollossalt når lærar Myrhol fyrte i han. Myrhol hadde opp- fyringa om morgonen. Han tilbød krinsen å fyre opp gratis, dersom han fekk fire nye pultar. Framfor omnen var eit skjerm Brett plassert. Elles vart det for varmt for dei som sat nærast eldstaden. Ved sida av omnen var det ein spring med drikkefontene. Denne hadde så sterkt trykk, at når vi drakk, kunne vasstrålen stå heilt i taket.

Pultane var plasserte i fire rader. Store pultar bak, dei små framme. Sete og bord var bygde i eitt. Plata i bordet var lett skråna og kunne flyttast fram og tilbake. Under plata var der eit bur for skulebøkene for dagen. Likeså var der eit lite bur for blekkhuset, som vi brukte når vi skreiv skjønnskrift med blekk og penn.

Golvet hadde breie bord, og det var svært trekkfullt. Men eg kan ikkje nett hugse at vi fraus heller. Alle hadde gode og varme klede på seg; tjukke, heimestrikka underklede, og lange, heimestrikka strømper, heimevovne vadmålskjolar for jentene og vadmålsbukser for gutane. Og lærar Myrhol fyrte som sagt så omnen var raud....

Det løyndomsfulle lærarrommet

I lærarrommet hadde vi borna ikkje tilgjenge til. Det var berre Myrhol som var der, og der lagra han all "heilagdommen". Augo våre stod på stilkar når Myrhol gjekk ut og inn av lærarrommet. Det vart sikkert kikka i lykelholet stundom. Vi fann ut at der stod ei tom seng, der alle plansjane og bileta var plasserte. Og eit høgt skåp der andre hjelpemiddel som var nytta i naturfag- og fysikkunderviung, var oppbevarte. Ein stor tredelt pult der alle skrivebøker, krit og fargeblyantar var plasserte, var der og. Oppå skåpet stod ein stor globus, som fortalde oss elevane om hav og heimskolar, så vi fekk ei lita aning om kor storjorda var, i høve til vårt vesle Noreg. Det var stor spaning når vi elevane skulle ta til i denne heilagdommen som skulen var for oss. Eg hugsar godt den tid eg sjølv gjekk der. Brunstadborna og Hjortdalsborna gjekk tre år i småskulen og fire år i storskulen. Vi tok til i skulen når vi var sju år, og gjekk ut når vi var fjorten år gamle.

Måndag, onsdag og fredag var det storskule frå kl. 9 til 16. Småskule var det tysdag, torsdag og laurdag frå 9-15. Det var ein time middag, og dei elevane som budde nærast skulen, gjekk heim og åt middag. Det same gjorde læraren og. Skuledagen tok som nemnt til kl. 9, og elevane kom i god tid føreåt. Dei som hadde lengst veg, var Hjortdalsborna. Dei hadde firkanta ryggsekkar av stivt ler som dei hadde skulesakene sine i. Brunstadborna, som budde nær skulen, kom med bøkene under armen, utan ryggsekk eller veske, A kjøpe ryggsekk var for dyrt. Eg hugsar at eit år fekk eg ei svart dokumentveske av far. Han hadde vore på Nordfjordeid med ein hest. og fått sløyfe på han. Etterpå hadde far selt hesten godt. Så måtte han få gje meg ei gåve då han kom heim.

Ein skuledag under krigen

Når elevane kom inn om morgonen, helsa dei alle pent på læraren. Fyrst song vi ein salme. Ofte var det "Himmelske Fader". Så las vi Fadervåret. Fyrste timen var alltid religionstime. Til då måtte vi ha lært eit stykke frå bibelsoga. Kvar elev måtte stå opp og fortelje utan å sjå i boka. Eller det var frå katekisma eller forklåringa. Der skulle vi kunne både bodorda, artiklane og læra om dåpen og sakramenta. Alt dette skulle vi kunne på fingrane utanåt. Likeeins måtte vi lære mange salmevers utanboks. Eitt salmevers for kvar religionstime. I god tid før jul var det julesalmar. elles var det påske- og pinsesalmar. Før vi avslutta religionstimen, song vi gjerne gjennom salmen vi heldt på å lære. Lærar Myrhol spela då orgel til. Han var ingen storspelar, men brukte berre ein finger i gongen for kvar tangent. Mest inntrykk på meg gjorde nok salmen til Peter Dass: "Herre Gud ditt dyre namn å ære".

Så var det friminutt som varte nokså lenge, heile femten minutt. Det var leik og moro. Ofte leika vi "sisten", andre gonger

"lensmann". Om våren "jeppe på pinne". Likast syntet vi det var når vi fekk Myrhol til å vere med på leiken. Han var så spretten og ledig. Han var god både i "tresteg" og "jamføtt", som begge gjekk føre seg i sandgropa. Om vinteren fekk vi lov til å vere i gangen og halde på med den populære leiken som heitte "blindebukk". Eller vi for opp på bøen på spark eller kjelke. Då var det ofte at vi gløymde klokka og vart vel lenge ute. Myrhol måtte då argt bruke "tvitten" sin som høyrdest lang lei. Pliktene kalla til ny time. Andre timen var reknetime med dei eldste og skjønnskrift med dei yngste. Då kunne Myrhol ta seg betre av dei som rekna.



Lærer Myrhol

Skjønnskriftboka var skriven i raude bokstavar og ei linje blank. Vi skulle fyrst skrive over dei raude bokstavane med blekk og penn. Deretter skulle vi skrive i den blanke linja nett det som stod med raud skrift. Når Myrhol godtok skrifta vår, slapp vi å skrive over dei raude bokstavane. Blekk fekk vi utlevert av Myrhol i små firkanta blekkhus av glas. Vi duppa pennen ned i blekket, og så skreiv vi. Penn fekk vi på skulen. Anten var han bein, eller så var han krokete med ein splitt i. Pennesplitten sette vi fast i eit penneskaft så stor som ein blyant. Etter at vi hadde skrive frå oss for dagen, måtte vi tørke godt av pennen slik at vi kunne ha han lenge. Til å tørke av pennen, hadde Myrhol klipt til små papirlappar, på 10x10 cm. av gamle aviser. Korleis Myrhol greidde å bevare blekket i skulehuset slik at det ikkje fraus, er ei gåte.

Neste time byrte ein faga. Dei som rekna før, skreiv no, og omvendt. Men fyrst i timen song vi ein kjend song, som til dømes "Når som Noreg i sølvkåpa glimer" eller "Handa hans far min". Så var det hjerne-gymnastikk som bestod i hovudrekning. Myrhol rita opp i godt tempo $5+6-3 \times 3 : 4$ og så vidare. Så var det å ta fatt på rekningane i rekneboka. Vi hadde både om vekt og volum, om brøk, deling, gonging, minus og pluss. Når vi hadde oppgåver om vekt, tok Myrhol inn fleire lodd i ulike storleikar. Når vi lærte om volum, tok Myrhol inn beger som synte dei ulike einingane. Dei fekk vi lov til å fylle med vatn. Greitt å forstå det heile.

I fyrste klassa nytta han ei stor kuleramme. På den lærte vi fort å telje frå 1 til 100. Han tok også inn nokre pinnar som vi fekk lære å telje på. Dei var i to storleikar. Dei minste var litt større enn fyrstikker. Dei kalla han teljarar. Dei største var som ein veslefinger. Dei kalla han nemninar. Vi hadde heimerekning og. Hadde vi gløymt heimearbeidet, måtte vi sitje att og gjere det på skulen. Då vi tok til med den nye teljemåten, måtte vi kvar vår gong på tavla for å rekne.

Vi hadde pennal av tre. Der hadde vi både penneskaft, penn, blyant, viskeler og tørkepapiret. Mange hadde to-høgders pennal. Blyantkvessar fekk vi ikkje lov til å bruke. "Blyantavkvessarar" kalla Myrhol dei. Han kvesste alle blyantane med kniv. Blyant, viskeler og pennar fekk vi på skulen, eit visst tal kvart år. Vi måtte vere varsame med dei.

Etter middag var det naturfag. Då lærte vi om fuglar, dyr, blomar og steinar. Det var ei heil samling av stein på skulen. Vi hadde også noko fysikk. Vi fekk mellom anna prove å brenne ulltråd med linse og sollys. Der var også eit telegraf apparat som vi fekk lære om telegrafi med. Store plansjar og bilete av ymse dyr, blomar og treslag vart hengde opp på veggene etter kvart som vi lærde om dei. Geografi hadde vi ein gong i veka. Vi fekk lekse å lære heime, mykje om Noreg, men også om andre land og heimsbolkar. Særleg lærte vi mykje om Amerika. Der hadde dei fleste slektningar. Ja, fedrene til dei fleste hadde vore der. Når vi hadde om More og Romsdal, vart det kalla heimstadiære. Det kjedelegaste faget vi hadde, syntest eg var kyrkjesoga. Det var travelt å lære om alle erkebiskopar, munkar og prestar, og vanskeleg å hugse alle årstala. Det vart hengt opp bilete av Martin Luther og Petter Dass. Stort likare syntest eg heller ikkje det var å lære Noregssoga. Det var så mange namn og årstal på kongar og krigar. Siste timen var det musikk. Då måtte alle synge, anten dei hadde stemme eller ikkje. Song dei ikkje, måtte dei sitje att. Myrhol spela som nemnt litt orgel. Han lærte oss ein del notar og. Siste timen las Myrhol ofte til oss frå bøker som "Frik med fela". "Florence Nightingale" eller andre. Var det svært kaldt ute, så vi fraus når vi kom inn frå friminuttet, fekk vi varme fingrane framfor omnen. Då kunne Myrhol gjette gåter med oss. Det var reine hjernegymnastikken.

Stundom måtte einkvan stå i skammekråa om han hadde gjort noko som ikkje var pent. Det kunne vere at han hadde gloymt å ta av seg hua, at han kviskra til sidemannen, eller snudde seg for mykje for å sjå ut av glaset. Eller han kom ikkje fint nok inn. Dersom ein ikkje kunne heimeleiksa si, måtte ein sitje att på skulen. Dette syntest dei fleste var skammeleg. Og dei fleste var redde for å sitje att. Dei pugga og las etter beste evne. Ein gut skulle sitje att ein gong fordi han ikkje hadde lært klokka heime. Guten hadde ikkje lyst å sitje att når dei andre for heim. Sa då Myrhol var ein tur på lærarrommet, såg guten sitt snitt til å stikke av. Guten ropa berre: "Eg bryr meg ikkje om å lære den fillekklokka di". Då Myrhol oppdaga rømminga, sette han etter. Guten var lett på foten, så han kom fort heim. Mora visste ingen ting om episoden, så ho bad guten om å hente sauene oppe i hamna. Guten var uvanleg snarbedd denne gongen, og for fort etter sauene. Då Myrhol kom heim til mora, var guten langt av garde. Same guten vart ein stor arbeidsgjevar for mange i bygda. Han lærte nok klokka. Ein annan gut var også snartent. Ikkje han heller kunne leksa si. Det var i naturfagtimen, og han var spurt om han kunne nemne tre elastiske ting. "Kuspenar, makkar og kakegrøn". svarta han. Smart påkome. Han slapp i alle fall å sitje att.

Til slutt for dagen las vi Fadervår i lag med Myrhol. Og så song vi ein song. Det kunne vere "Dagsens augo sloknar ut" eller "Fager kveldsol smiler". Vi stod då i andakt framfor pultane våre med knepte hender. Så helsa vi takk for dagen, og gjekk stilt ut. Ein skuledag under krigen var såleis slutt.



Elevar saman med lærar Jon Hole ved Brunstad skule i 1951. Framme frå venstre: Torbjørg Hansen, Kari Brunstad, Bjørg O, Brunstad, Oddveig Grebstad, Haldis Brunstad, Liv Brunstad, Lillian Brunstad og Sigrun Skogvoll. Bakfrå venstre; Sigbjørn Brunstad. Johan Grebstad, Oddbjørn Hjorthol, Solmund Brunstad og Marit Skogvoll.

Minne frå gamleskulen

Av Bjørg Sørensen

Eg har mange minner,
som eg or skattkista mi finner.
Om gamleskulen på Brunstad, dei lagar revy
og dei kjem på lette vinger, nett som på fly.
Kvitmåla stod du der, fin og rein
med raude lister, å, som du skein.
Veggane av klinkande al.
Dette var ramma om den skinande sal.
Trappa oppmura av flate stein.
Nedste trinnet rakk lukt til veien
Og trødde du på trinna, sa det "bikk",
når foten på dørhella "gikk".

Utdøra, så godt eit stengsle.
Tung og brei, ho riksa på eit rusta hengsle.
I gangen alle trampa og trødde.
Her var det le, når ute det snødde.
På knaggane hang huver til alle og ein klar.
Namna, dei kjende var,
som var krota på veggen.
Det var Ole, det var Jon,
det var Petter og Karl.
Og her gjekk leiken i blindebukk,
når nordvesten ute var tjukk.

Døra til skulestova, med to glasauger på.
Pjokken rakk opp, når han strekte på tå.
Eit glimt inn i stova han fekk,
før inn han gjekk
Han helsa, og fann pulten sin.
Så stillferdig kom alle inn.
Skulestoveveggene i timber så brei
aldri ein mott torde gnage på dei.
Taket var kvitmåla pernelingsbord,
under hang tre lysepærer og ein lampe stor
Golvborda, breie, mest som ei låvedør.
Skapomnen varma med glødande glør.
Når kulden ute beit
vi varma fingrane på ovnen heit
Og med Myrhol gåter gat:
"Liten og Titen i troveggen sat,
git du ikkje gåta, så får du ikkje mat".

På veggen hang tavla
stor og svart.
Her hang og Europa og Noregskart.
Myrhol på kateteret trona.
På orgelet han og laga tonar.
Når dagen tok til med sang,
det vart ein eigen klang;
"Himmelske Fader, herleg utan like,
til alle stader, når ditt store rike".

"Oppigjen og oppigjen", hans omkvede var
Då vart han stempla som original
"Radius gange radius gange pi"
Nei, lettare å forstå at fem og fem var ti.
To og to var fire dette var ikkje pire
Små fingra kulramma prøvde.
Å du, kor vi øvde trepinnane sanna
at det var ikkje anna
Og blyanten vart biten
til han vart liten
"Øve, øve, jevnt og trutt og tappert, det er
tingen, alltid bedre om og om og om igjen".

Skjønnskrift måtte alle få.
Med blekk og penn vart dei raude bokstavane blå
Ofte vart eg lei.
Kven torde slikt sei?
"For tenk når Lat-Hans bliver stor,
da duger futn til ingen ting,
det sier alltid mor. "

Der var pultar for store,
der var pultar for små.
Men ofte måtte gutane i skamme kråa stå
"Nei, nei gutt, dette må bli slutt.
ikke storme inn i stua,
før du har tatt av deg lua.
Glømte du det rent ?
Det var ikke pent ?"

Lærarrommet heilag var.
Ein titt i lykelholet,
men ver snar.
Eg fekk eit glimt av jorda, som sveiv i ring.
Der var det orden i saker og ting.
Der var det ingen som ruska.
Der var det berre Myrhol som tuska.

Når Myrhol var med på "å jeppe på pinne",
vi likte oss betre ute enn inne.
Han var liten og kort.
Men gjett om han kunne springe fort.
Mjuk og ledug, som katten snar,
han både lensmann" og "sisten" var.

Vi vil ære vår lærar kjær.
Ei takk frå kvar især.
Ei takk både frå liten og stor.
Gud løne han som i det høge bor.
Gamle Brunstaiiskulen er blott minner.
Den fostra arbeidande menn og kvinner.
Fager kxeldsol smiler,
over skuleminner ned.
Jord og himmel kxiler,
stilt i heilag fred.

Om Fetgarden

av Peter Fet

Peter Fet har skrive ned minne fira eit langt liv og kalla dei "Bestefarssoger". I forrige Årbok for Sykkylven hadde vi med ein del av desse sogene. Denne gongen har vi med ein ny bolk:

Fetgarden er svært gammal, men han fungerer framleis. No bur det meir folk her enn før. Fetgarden er ein original gard som det ikkje finst maken til i Noregs land. Det er berre ein veg som fører til Fet, og den er smal og... Før det var utskifting her på Fet, var det ei masse geiler og steingardar. Ein såg berre i haudet på folk når dei gjekk i geila. Det var ofte vanskeleg å finne fram til det rette huset når det var framande. Det var ein kar frå Straumgjerde som skulle opp i garden her. Han hadde ein låk svollfinger, og ville opp i Nils-garden til han Nils-Lars-Petter som var dokter for slike fingrar. Mannen klivra over tre steingardar før han fann fram.

På Fet bur mange sortar folk, med mange sortar handverk. Nesten alle menn er trearbeidarar, bygningsfolk mest. Så har vi flygarar og flyvertinner og damer som reiser til sjøs, skulefolk i alle kategoriar, doktor, og til og med prest. (Vi var eige prestegjeld ei stund) Og so har vi ein som kan gjere åt for tåver. Vi har og ein arkitekt, ein rosemålar og ei som granskar fortida.

Kjerringane til desse Fet-karane er komne frå dei forskjellegaste plassar av landet, frå den "ytterst ø" til den inste holme, frå sentrum, frå aust og vest.

Alle likar seg godt her på Fet. Det er mest vanskeleg å få konene med seg frå garden. Dei vil berre vere her på Fet. Det er berre "stjerne-koner" alle saman.



På Fetgarden i 1945. Bestefar Petter Severin Fet saman med Kjell Petter på hesteryggen og Olaug Kari,

Ja, denne Fetgarden er ein original gard. Han er oppbygd som ei borg, med masse steingardar og geiler. Her er mange grinder, eller led som vi kallar dei. Leda vart isette kvar vår og tekne i hus orn hausten. Her var over tjue slike grinder til saman. Skal prøve og rite opp namna på dei fleste. Det er Vassvei-ledet, Hans-ledet, Skøtkøt-ledet, Fjøs-ledet og Geil-ledet. Så var det Nils-geil-ledet, øvste Hage-ledet og nedste Hage-ledet. så var det Jo-geil-ledet og ledet ned til Vatnet. So var det Jo-Martinus-ledet i Smihagen og ledet for Hagen framme i Gara. So var det Hans-Petter-ledet, ledet ved Smihagen og ledet ned på bøen. So vart det Jørn-ledet ovanfor stova, framanfor stova og so ledet nede på bøen. Til alle desse lea kjem åtte led i Åregjerda og så mange ute i Gjærda. Ja, det vart nok å gjere når alle desse skulle takast vare på vår og haust.

Om vinteren var dei av stad og skar vieemne, og om vinter- kveldane sat dei ofte og vatt viar. Det vart store dungar av viar. sidan dei brukte viar til mest alle ting. Dei hadde ikkje streng den tida. Når dei skulde lage desse viane. brukte dei ein stor stamp full med vatn. Viane vart mjuke og gode å knyte når dei fekk ligge i vatn ein dag eller to. Når dei dreiv med slikt arbeid, tok dei det ofte med seg inn på stovegolvet. Kvinnfolka var ikkje so nøgne på det, for om morgonen fekk dei bruke spønene og kvistene til kveikje opp i dei store omnane.

Det var i storstova dei heldt til med alt slag arbeid. Det hende seg nar karane hadde vore i skogen om dagen at ein slede hadde blitt sundbroten. Far tok då gjerne sleden inn på stovegolvet for å reparere han, så han skulle vere klar til neste dag.

1 storstova vår var det plass til to senger og ein sengebenk, når det trøngst. Vevstol og rokk stod der heile vinteren. AU Stod ferdig til bruk når kvinnfolka kom nedatt frå fjøsen om morgonen. Vi hadde ofte tenestetauser. Då vart det for ei av desse å setje seg opp i vevstolen og veve, og for ei anna til å setje attmed rokken for å spinne. Ja, det var ei herleg tid, som eg ofte tenkjer tilbake på med stor glede. Vi gutane måtte ofte hjelpe til med eit kvart, som å sleppe opp kvar gong veverka skulle rulle på det som var ferdig. Kvinnfolka på garden gjekk ofte til kvarandre og såg på vevane. Dei var ikkje redde for kunsten sin. Dei lærde mykje av kvarandre på denne måten. Det var ikkje mange kurs då. Tausene lærte handarbeid frå den tid dei var små. Nei, no har tida vorte heilt bakvendt mot mi barndomstid. Men, det er vel eg som har blitt vrangsnudd avdi eg er så gammal.

Ja, tida lyt få utvikle seg. Eg er ikkje imot det, langt derifrå, berre det er til det beste for alle. Det er rart når ein er opp i åra og tenkjer tilbake fortida og skikkane då. Eg er glad for å vere so gammal, for då kan eg huske dei eldre og deira måte å vere på.

Dei var så velsigna gode, desse menneska som streva så sårt for seg og sine. Dei har lært oss mykje. Desse gamlekarane, og kvinnfolka med, kunne vere skjemtsame når dei sat i lag om kveldane. Det var interessant for oss småhynane å sitje og høyre kor dei fortalde om sine opplevingar frå då dei var unge. Dei lo og prata av hjartans lyst. Forteljarevna hadde dei. Det skal vere sant og visst

Her på Fet var det så lett vint å kome saman. Var det to karar som møttest i tunet, var det ikkje lenge før det var ein flokk av dei. Då vart det fortalt stubbar. Og det var alltid einkvan som kom med noko nytt.

Dei fleste gardbrukarane på Fet hadde både sauer og kyr. Og mange hadde også følmerr. Når kyrne kom frå marka om kveldane, samlast folket ovanfor geilledet. Då var det til å late opp ledet, så kom alle buskapane ned i garden på ein gong. Ja, då vart det setreliv i garden. Kyrne fekk fare og gnage der dei ville, så det vart ikkje mange strå att i tunet. Men den tida var det ikkje fine plenar heller! Ei tid hadde vi geiter. Det er so vidt eg kan huske det. Lars Ludviksen og broren Petter Ludviksen gjætte geiter for alle her på Fet. Petter Ludviksen vart frå den tid heitande Hjelje-Petter. Han fortalde at han hadde hatt ei herleg tid framme på Fet. Ja, Peder og Lars Ludviksen var livlege og flinke gjætarar.

Når geitene kom ned i garden, sprang dei i førevegen bort under alle stabbur og for der og gnog på golva. Der var det vel ein saltsmak, som dei likte. Men det vart snart slutt på geiter, for det var vanskeleg å få nokon til å gjæte.

Ja, så var det ein dag ei kyr heime med han Hans Peter vart sjuk. Ho ville ikkje røyse seg. Dei trudde ho var tava. Ja. då hadde dei bruk for han som kunde gjere åt for tåvr, og det var plasse mannen her på Fet. han Peter Andrias. Han var villeg til å gjere god att kyra. Men han måtte få eit fat med mjøl. Det sette han midt på bordet i bestestova deira. Så tok han til ågå att og fram på golvet. Han prata for seg sjølv noko som ingen forstexl. Kvar gong han gjekk forbi fatet, sende han ei stråle tobakk ned i det. I det same kom Sigvard, son i huset, inn døra og såg dette. Han viste ikkje kva som gjekk føre seg. Han sette i og ropa: "Mor! Mor! Stakjen spyttar ned i mjølfatet vårt!". Då lo Petter Andrias godt. Og kyra vart naturlegvis god att sidan ho hadde ete mjølet.

Siste slåttestykket var ute i Gjerda. Alle vart ferdige til å ta til der nokolunde samstundes. Det vart som regel rundt den femte august. Vi borna flettede ask til den tid, for då fekk vi vere i båt. Der var bestandig mange båtar på vatnet på same tid. Det vart ofte travelt for oss gut-hynane når vi vart så store at vi kunde ro åleine. Vi måtte stå opp klokka fem om morgonen og føre slåttekarane til slåtteteigen. Det var best å slå om morgonen før sola kom. I åttetida måtte vi ro heiman og hente kvinnfolka. Då skulde dei take med seg morgonmat til slåttekarane. Så var det til å ro heimatt til middag. Då kom mjølkekøyraren frå setra, og då laut vi tømme spanna, vaske og gjere dei reine til kvelden. Då skulle spannekøyraren på setra att.

Det var ikkje alltid så fine båtar vi hadde den tida. Eg hugsar spesielt Jørnbåten. Dei hadde ein båt som var svært djup. Han var so vanskeleg å føre frå og til land. Jørn-Karoline var svært stor og tjukk. Ho brukte bestandig å sitje i bakskuten. Då låg bakskuten mest under vatn. Der måtte alltid sitje nokon i framskuten, skulle det gå vel. Jørnane hadde slåtteteigen sin heilt ute med Straumsheimsfonna, så dei hadde svært lang veg å ro.

Om kvelden slutta alle mest på same tid, så då var det mange båtar som var på heimveg samstundes. Når båtlaga kom heim til nausta, vart der ei livleg stund. Alle matkjørelid som var brukt dagen, skulle takast opp i garden og vaskast. Alt skulle vere ferdig til neste dag.

Så var det til å slipe ljå. Der var både stutturv og langorv som måtte kvessast. Alle hadde ein masse ljår den tida, cirka ei sneis på kvart bruk. Vi smågutane måtte drage slipesteinen til alle desse ljårne, og vi vart så trøytte i armane. Det var knapt vi heldt skeia skikkeleg når vi åt graut til kvelds.

Grauten vart kokt i ei stor jamgryte. Det var vanleg å koke så mykje at vi hadde eit mål med fjølga graut og. Vi åt av same fatet fire, fem menneske. Det same gjorde vi når det var fjølgagraut. Du store tid kor godt vi åt. Mette vart vi, kan du tru.

I slåttén, når vi slo marka, var det mykje arbeid for kvinnfolka å lage til maten for heile dagen. Det vart mange kjørelde å få med seg om morgonen. Her i Nilsgarden hadde vi ein laup som tok nokso mykje. Dei fleste hadde som regel ein grautadall som dei sette i hø. Då heldt grauten seg varm lenge. Over tid laga det seg litt vatn i dallén. Varnet måtte sikast vekk før grauten skulle etast. Ein gong var det ein kar som skulle sike av dette vatnet. Han var uheldig og miste grauten ut av dallén. Grauten rulla nedover ein turrhøyfleck slik at høyet hekk fast i han. Grauten for ikkje sund. Han vart reinska og seinare eten med god apetitt. Gamlekarane var ikkje kresne; men reinsame var dei. Kraftig og god mat var godt tillaga av dei strevsame kvinnene. Mange hadde gått husmorskule. Når jentene kom heim, lærte dei av kvarandre. Når det vart kokt graut, var det oftast gamlekaren i huset som skrapa gryta. Det vart gjerne slått ein ølskvett i gryta. Det blei den beste mat ein kunne få. Eg huskar at den skeia, ei hornskei, som vart brukt å skrape gryta med, var heilt skeivslita på slutten. Alle brukte si eiga skei. Etter kvart måltid sette vi skeia i eit hald på den veggen som var over høgsetet. Ja, det var høgtid rundt bordet når det var måltid på Fet. Nokon måtte som regel lese for maten.

(Ordforklaringar red.: tåver, eller tøver, kjem av gammalnorsk taufrá. v., det å forhekse, drive trolldom. Tøverske -trollmann trollkvinne, heks. Geil: trang smal veg. Ofte kringmurt med steingard, vart m.a. brukt til å leie husdyra mellom fjøs og beite).



Peter Fet med sjølvlaga ski (Foto: Øyvind Fet)

Sommarhelsing

Av Ok Bjørkavåg

*Eg sender ei helsing frå sommaren,
frå skog og fjell og li,
frå bein og krokut veg,
og kvar ein løynleg sti.
Eg helsar deg frå slåtteteig
og den frodige kløvereng
med blåklokkeklang,
frå solas brureseng.*

*Eg helsar deg frå skogane
frå store og små tre,
som vaktar over bygdene
og alt som lever der.
Ei helsing frå har ein blome
som pyntar sommaren lang,
frå bekkar og elvasus
som syng sin glade sang.*

*Eg helsar deg frå sommarnatta
så mild og god du er.
Vi høyrer fuglesongen
frå skogens grønkledde tre
Eg helsar deg frå insekta
som flyg frå strå til strå,
i alle verdas fargar.
Ja, det er eit under å sjå.*

*Velkommen attende du sommar i sol,
du milde, ljose sommarnatt,
der fuglar song og gauken gol.
Du varmar oss i sjel og sinn,
og lækjer hjartesar
med vind så varm og linn,
lengtande vi ventar
på den kjære vår.*

VI TAKKAR FØLGJANDE
BEDRIFTER FOR STØTTE TIL
UTGJEVINGA AV
"ÅRBOK FOR SYKKYLVEN
1993

MØRE TRAFØ AS
HJELLEGJERDE MØBLER AS

PETERSON SYKKYLVEN AS
IDEBYGG AS
KREDITKASSEN NORDVEST
SPAREBANKEN MØRE
VESTLANDSKE MØBLER AS
SVEIN ASBJØRNSSEN PRODUKT DESIGN AS
HJ. BRUNSTAD FABRIKKER AS
CYLINDRA AS
AMATEC AS
GJENSIDIGE SYKKYLVEN
SANDELLA FABRIKKEN
HANDELSKOMPANIET AS
LEON HOTELL
DAGFINN LØKEN AS
BERG-HANSEN NORWEST REISEBYRÅ AS